



GRANVIN 2020

– FRÅ KOMMUNE TIL BYGD



01.02.2019
PROSJEKTRAPPORT

Innhaldsliste

Samandrag	5
Om prosjektet	
Sentrale problemstillingar	7
Korleis gjorde me det?	
Undersøkingar	7
REGION OG IDENTITET I ENDRING	
Vil Granvin behalda sin lokale hardangeridentitet?	9
Korleis inkludera Granvin i Voss herad?	11
Granvin sin stadidentitet	12
KVA ER GRANVIN?	
Granvin om Granvin	15
Hardanger om Granvin	15
Voss om Granvin	16
Born og unge om Granvin	17
Turistar og andre forbipasserande	18
Granvin i media	18
Granvin oppsummert	18
Identitet	18
Omdøme	19
X-faktor?	20
LIVSKVALITET OG EIT LEVEDYKTIG SAMFUNN	
Eit levedyktig samfunn	23
Folketal	23
Tenester og infrastruktur	24
Nærings i Granvin	24
Grøne Granvin	24
Livskvalitet	25
Sosiale arenaer	25
Frivillighet	25
Kulturtildob	26
Medverknad	27
KORLEIS VERA EIN ATTRAKTIV STAD Å BU?	
Kvinnelege utflytta gravensrar om Granvin	29
Andre grupper av tilflyttarar?	31
Bli buande	31
NÆRINGSLIVET I GRANVIN	
Turisme	36
Kulturbasert næring	39
Framtidsretta næring	39
AVSLUTTANDE REFLEKSJONAR	43
FORSLAG TIL TILTAK - OPPSUMMERT	45
KJELDER	
Litteratur	44
Elektroniske kjelder	47

Føreord

1.1.2020 går Granvin herad over frå å vera ein eigen kommune til å bli ei av fleire bygder i det nyskapte Voss herad. Gravensarane har førebudd seg på denne overgangen i fleire år, og har venta på den med skrekkblanda fryd. Førebuingane har føregått på mange nivå; alt frå folkemøte med informasjon, vedlikehald av vegar, oppussing av omsorgsbustadar, administrative og politiske prosjektprosessar og med dette *prosjektet Granvin 2020 – frå kommune til bygd*.

Alle kommunar ynskjer vekst og utvikling, og me ser at samanslåinga med Voss kan bidra positivt i den retning. Samstundes må me vera merksame på at det gjer noko med lokalsamfunnet, når det blir lengre avstand mellom innbyggjarar og kommuneforvaltinga. Det er dei korte avgjerdslinjene som kjenneteiknar mange av dei suksessrike distriktskommunane. Den gode dynamikken mellom idé og handling, mellom eldsjel og kommune, har gitt god skaparkraft i Granvin. Dette samarbeidet har vore grunnleggjande i utviklinga av Granvin og det må finna ei ny form innanfor den nye kommunen.

Prosjektet «Frå kommune til bygd» sitt føremål er å finna dei gode grepene for å sikra at Granvin held fram som ei bygd i vekst der folk trivst og vil bu. Dokumentet er fullt av gode analysar og praktiske idear. Eg vil takka heradsstyret i Granvin herad og Fellesnemnda i Voss herad for velvilje og støtte, Distriktsenteret ved Anne Irene Myhr og styringsgruppa for gode innspel og diskusjonar, og særleg vil eg takka prosjektleiar Tina Kjerland for ei framfrå prosjektleiing.

Prosjekt er godt, men når alt kjem til alt er det gravensarane sjølve som må ynskja og driva utvikling i si eiga bygd – dei må ta grep og dei må engasjera seg. Ein får ikkje ei meir levande bygd enn ein skapar sjølv.

Lukke til alle gode gravensarar, eg heiar på dykk.

Trude Letnes, Rådmann

Samandrag

I 2020 går Granvin frå kommune til bygd. Kva skal til for at dette vert ei endring som gjev positiv utvikling for bygda? Me har fått innspel frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, born og unge, hardingar, vossingar og utflytte gravensarar.

Innbyggjarane i Granvin ser ikkje for seg å kalla seg vossingar med det fyrste. Dei kjenner seg som hardingar, men først og fremst gravensarar. Likevel er Voss eit naturleg regionsenter – og gjennom gode opplevingar og stadig tettare relasjonar med Voss og vossingar er det grunn til å tru at identiteten kan dreia mot Voss etter kvart. Det finst i realiteten ikkje noko paradoks i å vera både harding og vossing – for identitetar vert stadig meir komplekse.

Når det gjeld kva som er Granvin sitt tydelegaste kjenneteikn, fortel innspela at folkemusikktradisjonen er det Granvin er mest kjend for utanfor bygda. Fela og spelarholer er ein potensiell x-faktor. Nokre respondentar seier på ei anna side at Granvin si største føremøn, er moglegheitene som naturen gjev i form av rekreasjon og turisme. Oksen, fjorden, djupvasskai og sykkelsti Voss-Granvin kan danna grunnlag for både naturbasert turisme og trivsel for innbyggjarane.

At Granvin ligg tett på regionsenteret Voss, har knutepunktfunksjon mellom fjord og fjell, eit mildt klima, trygge oppvekstvilkår og rimelege bustader, bør kommuniserast tydelegare. Synleggjering av desse kvalitetane kan gje Granvin til ein endå meir attraktiv stad å busetja seg.

Næringslivet ser først og fremst moglegheiter ved kommunesamanslåinga, men minner om at det er viktig å kommunisera godt og tidleg til brukarane av offentlege etatar i overgangsfasen. I fortsetjinga bør ein leita etter grøne og framtidssetta næringar i Granvin.

Det er forståing for at Granvin vart for lite til å kunna levera gode nok kommunale tenester som eige herad, men det finst ei uro for kva som kan skje om offentlege tenester som lækjar, ungdomsskule, helsestyrke og bibliotek forsvinn. Fråvær av desse tenestene kan slå beina under ei positiv nærings- og folketalsutvikling.

Frivilligheita og dugnadsånda i Granvin er stor. Lag og organisasjonar leverer lokalsamfunnsutvikling, gjev sosiale møteplassar og demokratiopplæring, og bør møtast med god tilrettelegging og lite byråkrati.

Voss herad har alt å vinna på å vera gode på medverknad. Involvering av lokalsamfunna bygger opp utviklingskapasitet, og gjev eit aktivt og levande omland.

Granvin 2020 – frå kommune til bygd

PROSJEKTRAPPORT

OM PROSJEKTET

Granvin herad vedtok hausten 2014 å slå seg saman med ein eller fleire av nabokommunane sine. Vedtaket kom som ei følge av kommunereforma, og ei erkjening av at Granvin vart for liten til å fortsetja som sjølvstendig kommune.

Folketalsreduksjonen har over år ført med seg kutt og omstillingar i dei kommunale tenestene i Granvin. Då kommunereforma kom, innsåg politikarane at løysinga for å sikra likeverdige og gode tenester fanst i å bli ein større kommune.

Det blei gjort vedtak om at Granvin skulle slå seg saman med Voss, der kommunesenteret ligg berre 2,5 mil unna sentrum i Granvin. Voss kommune er ein stor kommune (14 000 innbyggjarar), med mange små lokalsamfunn rundt regionsenteret Vossevangen. Dei andre lokalsentra blei innlemma i Voss ved føre store kommunereform i 1964. Nokre av desse har opplevd sterkt innbyggarnedgang i åra etter samanslåinga, medan andre har auka innbyggartalet. Det er viktig for gravensarane at ein etter samanslåinga hamnar i den kategorien av gender som opplever vekst og auke i innbyggartalet.

Voss kommune ynskjer å balansera naudsynt sentralisering av tenester opp mot å oppretthalda busetnad i grendene. I intensjonsavtalen mellom Voss kommune og Granvin herad kan ein lesa:

Positiv utvikling av Voss som regionsenter vil vera avhengig av eit aktivt og levande omland.

Vidare er politikarane i begge kommunane merksame på at Granvin er ein hardangerkommune med eigen kulturell identitet og heimekjensle. Ein har kommentert dette i intensjonsavtalen slik:

Granvin sin hardangeridentitet må sikrast og vidareutviklast og slik også gje ei utviklingsmøglegheit for reiselivet på Voss

Kommunesamanslåinga har vore eit naudsynt grep for å sikra kommunale tenester til gravensarane, og i nye Voss herad har ein som mål å sik-

ra vekst og utvikling i alle delane av kommunen. I intensjonsavtalen heiter det at den nye eininga skal:

- Levera gode og likeverdige tenester i heile den nye kommunen.
- Ha evne til å ta på seg større oppgåver.
- Vera ein berekraftig og økonomisk solid kommune.
- Skapa vekstkraft i eit variert næringsliv i heile den nye kommunen.
- Den nye kommunen skal arbeida for å halda oppe og styrka etablerte offentlege og private verksemder og vera ein attraktiv kommune for lokalisering av bedrifter og institusjonar.
- Styrka posisjonen som ein av dei mest attraktive idretts- og kulturkommunane i landet.
- Sikra eit sterkt lokaldemokrati.

I samband med planlegginga av den nye kommunen, har ein starta arbeidet med ein ny felles kommuneplan. Denne planen skal mellom anna sikra og vidareutvikla tilhøvet mellom regionsenteret og lokalsentra i Voss herad. I denne planen vil Granvin måltast fram som eitt av fleire lokalsamfunn i den nye kommunen.

Politikarane i Granvin ynskjer med prosjektet Granvin 2020 - frå kommune til bygd, å etablera eit parallelt utviklingsprosjekt som ikkje skal vera ein konkurrent til kommuneplanarbeidet, men eit supplement som skal byggja opp under og harmoniserast med denne. På denne måten kan ein jobba seg inn i den nye kommunen samstundes som ein får etablert eit særskilt fokus på Granvin. Ein ynskjer å gå grundigare inn i problematikken rundt det å mista identitet som eigen kommune og etablira ein ny identitet som ei bygd i ein større kommune.

Intensjonsavtalen seier at det skal etablerast eit fond på 10 millionar kroner til lokal samfunnsutvikling i Granvin. Dette fondet skal forvaltast av eit styre med representantar busett i Granvin. Prosjektet vil vera del av grunnlaget for å utarbeida vedtekter til fondet.

“ *Frå kommune til bygd – korleis sikra og utvikla lokal identitet, motiverte eldsjeler og lokal samfunnsutvikling etter kommunereforma?*

Sentrale problemstillingar

- Kva skal til for at Granvin beheld sin lokale hardangeridentitet?
- Kva skal til for å sikra livskvalitet for innbyggjarane og eit levedyktig samfunn?
- Kva skal til for å gjera Granvin til ein attraktiv stad både for innflyttarar og for næringsliv?
- I Granvin har mykje av samfunnsutviklinga skjedd som ein følge av tett samarbeid mellom heradet og lokale eldsjeler og grendelag. Korleis skal ein sikra at eldsjelene blir sett og fylgd positivt opp når avstanden til kommunesenteret blir større?


KORLEIS GJØRDE ME DET?

Prosjektet har vore gjennomført i perioden oktober 2018 til februar 2019, med stor deltaking frå gravensarane sjølv. Ei ressursgruppe samsett av representantar frå lokale organisasjonar, grendelag og heradsstyre har hatt tre møte, og medlemene har òg henta innspel gjennom mellom anna å initiera og halda «gjestebod». Prosjektleiar har gjennomført samtalar/intervju med enkeltpersonar, frivillige lag, næringsverksemder m.m. Prosjektet har hatt si eiga Facebook-side, som både har vore ein informasjonskanal og ein stad å koma med innspel. Det har òg vore utført fleire kvalitative undersøkingar, både blant gravensarar, andre hardinger, og vossingar. Ikke minst har skulelevar og barnehageborn kome med innsiktfulle meningar. I det heile har prosjektet fått inn ei stor mengd idear, synspunkt, råd og ynskje – og dette er eit viktig grunnlag for innhaldet i rapporten. Kommuneadministrasjonen v/rådmann har følgd prosjektet tett, og dei folkevalde har blitt oppdaterte med jamne mellomrom.

Undersøkingar

Prosjektet har gjennomført desse undersøkingane:

- 126 innbyggjarar i Granvin har kome med innspel gjennom «Gjestebod for Granvin»¹
- 49 kvinnelege utflytta gravensarar har svart på ei nettbasert spørjeundersøking
- 104 vossingar har svart på ei nettbasert omdømeundersøking
- 94 personar frå andre Hardanger-kommunar har svart på ei nettbasert omdømeundersøking
- 100 elevar ved Granvin barne- og ungdomsskule har kome med innspel til prosjektet
- 7 representantar frå næringslivet i Granvin har vorte intervjua
- 24 representantar frå frivilligheita har deltatt på møte og kome med skriftlege innspel
- Prosjektet fekk hundrevis av kommentarar på Facebook-sida på spørsmålet: Kva er Granvin for deg?
- Samtalar
- Google- og Instagramsøk



Region og identitet i endring

KVA SKAL TIL FOR AT GRANVIN BEHELD SIN LOKALE HARDANGERIDENTITET?

Tidlegare har me forstått regionar som likearta og samanhengande område med einsarta geografi og/eller med kulturell homogenitet. I dag ser ein regionar som sosiale konstruksjonar som veks fram gjennom menneskelege relasjoner og som endrar seg gjennom ulike prosessar (Paasi, 2009).² I samtalar med gravensarane er det delte meningar om kva for regionstilknyting som er den mest naturlege for Granvin. Somme argumenterer med at her finst ei kulturell tilknyting til Hardanger, medan andre argumenterer med at denne manglar, og at ein trass alt har meir felles med vossingane.

Granvin si plassering ved Hardangerfjorden gjev bygda ei naturgjeven tilhørsle i den geografiske regionen Hardanger – men samstundes har Voss vore eit fungerande regionsenter for Granvin heilt sidan kommunikasjon på land tok over for fjorden.

Då vegen mellom Eide og Vossevangen vart bygd 1867-70 var Granvin, og Eidfjord, ein del av Ulvik herred. Bygdebokforfattar O. Olafsen skriv i Granvin i fortid og nutid (1922:263): «Ønsket om at skilles fra Ulviks herred og danne et eget herred havde länge vært levende i Granvin som en følge af naturforholdene. Forbindelsen mellom de to sognene havde alltid vært meget besværlig og derfor lidet benyttet.» Som fylgje av den tungvinte kommunikasjonen, hadde Granvin fått sitt eige fattigstyre alt i 1848 og eige skulestyre i 1867, og då skilsmålet frå Ulvik var ein realitet i 1891 var Granvin alt «et eget herred i alle viktigere økonomiske anliggender, og den fælles herredsstyrelse maatte nærmest føles som en unødvendig tvang.»

Vel 100 år seinare ser me at bygdeforskarane Almås og Frisvoll (2014:18)³ syner til dei same faktorane som kritiske om ein skal ha suksess i å bygga ny interkommunal identitet. Kort veg og felles institusjonar som t.d. lokalavis, felles arbeidsmarknad, handelssenter og skulemarknad. Slike er med på å bygga kjensla av at ein er i same båt – gjennom stadig og tett menneskeleg kontakt på tvers av dei gamle kommunegrensene. I motsetnad til situasjonen Ulvik-Granvin i 1891, er mange av suksesskriteria alt på plass i tilfellet

Granvin-Voss 2020.

Trass i at Granvin og Voss har hatt tett kommunikasjon og felles institusjonar i stadig aukande grad dei siste 150 åra, stod likevel ikkje Voss som fyrsteval for Granvin då sonderingane for kommunesamanslåinga tok til i 2014. Sjølv om Voss lenge har fungert som regionsenter for Granvin, har gravensarar flest hatt Hardanger som identitetsregion. Granvin herad har funne løysingar på offentlege oppgåver gjennom interkommunalt samarbeid med andre små hardangerkommunar, og deltatt i regionrådet for Hardanger.

I Granvin som i distrikta elles, finst det ein generell skepsis til sentralisering, og i dette tilfellet ei uttala frykt for å verta slukt av «store Voss». I lesarinnlegg i tida rundt sonderingane, og i undersøkingane me har gjort i dette prosjektet, er det denne asymmetriene som er hovudargument for at ein heller burde finna nye alliansar i Hardanger. At Voss har vore eit regionsenter i ein funksjonell region i mange generasjonar, verkar å ha mindre tyding for dei som uttalar seg. Truleg kan dette forklaraast med ein opplevd dissonans i gravensarane. Dei identifiserer seg kulturelt og administrativt med Hardanger, og denne nye, formelle konstellasjonen, kan opplevast som eit brot med dette.

Vil Granvin behalda sin lokale hardangeridentitet?

Det er vanleg å hevda at hardangeridentiteten vart til då det nasjonalromantiske biletet av Hardanger vart konstruert i siste del av 1800-talet. Framleis lener dei ikkje-industrialiserte hardangerbygdene seg i stor grad til denne. Bunaden, hardingfela, frukttdyrking, sider og dialekta er framleis identitetsmarkørar for regionen. Tidleg på 1900-talet kom industrireisinga til fleire bygder i fjorden, og gjorde til at desse fekk ein felles identitet som stod i kontrast til det tradisjonelle Hardanger.⁴ Dette er eit døme på relasjonell identitet. For Granvin har Voss vore minst like viktig som kontrasterande identitet. Det vil sei at gravensarane forklarar gjerne kven dei sjølve er, ved å peika på ulikskap til vossingane. Det er i slike samanhengar at identitetsmarkørane vert tydelege for oss. Kva for sosiale og kulturelle, eigenskapar og uttrykk er det me har som skil oss frå dei andre?

² Paasi, A. (2009). The resurgence of the 'Region' and 'Regional Identity'. *Review of International Studies*. 35, S.121 - 146.

³ Almås, R. & Frisvoll, S. (2014). Kommunesamanslåing og identitet, *Bygdeforskning*, S.18

⁴ Angell, I. & Grove, K. (2015). Hardanger III – Ei regionshistorie. Bergen: Vigmostad&Børke AS. s. 321

Men er kultur- og språkgrenser samsvarande med dei administrative grensene? Me har lett for å tenkja at gravensarane, som gode hardingar, nyt hakkasteik, medan vossingane et smalaho-ve. Ein leskar seg med sider i fjorden, medan heimabrygg står sterkt på Voss. Sanninga er langt meir samansett. Bunaden i Granvin er tydeleg heimehøyrande i Hardanger, men går me bunaden nærrare etter i saumen, ser me at granvinsbunaden har slektskap med vossabunaden, som me ikkje finn andre stader i Hardanger. Ofte seiest det at «me snakkar harding, me» - men språkforskarane peikar på at dialektar i Granvin har mykje til felles med vossamålet. Og ser ein på dialektane utan svært lokal språkkunnskap, vert konklusjonen slik: «Dialektane i Hardanger og på Voss er svært like, slik at vi godt kan rekna desse to dialektområda som eitt. Særleg har Indre Hardanger fleire særdrag saman med Voss».⁵

Kva for grensegangar som er med å definera oss, endrar seg saman med kva for grenser som får merksemdu. Korleis me definerer oss sjølv, vil altså skifta i takt med kva for problemstillingar som er aktuelle. Går me litt tilbake i tid, var det ikkje Voss, men Ulvik, som var naturleg for gravensarane å samanlikna seg med.

Frå rundt 1990 byrja dei fleste hardangerkommunane å byta ut dei tradisjonelle bygdefesta-

ne med festivalar. Hardingfela, sideren, bunaden og dialektar er framleis ofte med som identitetsmarkørar – men samværsforma har endra seg og fått ei mindre tradisjonell innpakning. Sideren vert servert i hotellbaren. Folkekulturen vert løfta opp på scena og får merkelappen finkultur. Granvin har ikkje i same grad som dei andre hardangerkommunane gått gjennom denne «festivaliseringa» av kulturen. Her har ein verken vinmonopol, hotell eller festival, men her finst framleis tradisjonelle dansefestar. Det Hardanger som Granvin identifiserer seg med, finst kanskje ikkje andre stader enn i Granvin?

Spørsmålet «Kva skal til for at Granvin beheld sin lokale hardangeridentitet?» kan tolkast som at identiteten er under press, og at det er eit mål i seg sjølv å behalda den eksisterande identiteten for framtida. At Granvin herad går ut av historia, tyder at ein opphøyrer som eiga administrativ eining, men bygda Granvin består like fullt. Å vera ein del av Voss herad, gjer ikkje gravensarane til vossingar. Men det er heller ingen motsetnad, ein kan faktisk vera både og. Slik me alt har vore inne på, er identitetar personleg forvalta konstruksjonar, dei er komplekse og i stadig endring. Granvin sin lokale hardangeridentitet er det gravensarane sjølv som forvaltar. Kva som er Granvin sin identitet i framtida, er opp til gravensarane å avgjera. Kva for markørar vel dei å samlast

om? Kva for relasjonar og samarbeid vert pleia? Mest truleg vil det vera naturleg for gravensarane å ha Hardanger som identitetsregion også etter kommunesamanslåinga i 2020, men det er grunn til å tru at denne vil dreia mot Voss etter kvart som samanslåinga gjev hyppigare samarbeid, og med det, tettare relasjonar mellom bedrifter, lagsliv og menneske i nye Voss herad.

Korleis inkludera Granvin i Voss herad?

I motsetnad til situasjonar der to jamstore kommunar skal gå saman, unngår ein i tilfellet Granvin-Voss mange konkurransesituasjonar og lokaliseringssdebattar. Vossevangen er både kommune- og regionsenter med tilhøyrande definerte funksjonar. Samstundes vert det viktig å trygga Granvin på at formuleringa «Voss er avhengig av eit aktivt og levande omland» ikkje berre finst på papiret, men at dette også kjem til syn gjennom praktiske tiltak og konkrete handlingar. Nye Voss herad har alt å vinna på at Granvin vert ei bygd i vekst - ei bygd som trekker folk til kommunen, der levekåra er gode og frivilligheita blømer. Særleg i ein tidleg fase er det viktig å synleggjera at Granvin ikkje er ein salderingspost, men eit kjærkome tilskot som ein ynskjer skal gje positiv utvikling i den nye kommunen. Om ein ikkje får kommunisert dette tydeleg nok, og det ikkje kjem til konkrete uttrykk, kan ein oppleva at det

slår inn ein aukande proteksjonisme med motvilje til positive og harmoniserande tiltak.

Ei medviten haldning til korleis ein omtalar Voss eksternt er også viktig. Artige uttrykk som «Bygd av vossingar» kan verka ekskluderande på gravensarane, og bør ikkje lenger vera ein del av kommunen si profilering. Inkluderande uttrykk vil verka positivt, og særleg om desse vert nytta også utanfor kommunen, t.d. i reiselivssamband. Det vil vera ein styrke for heile Voss herad å knyta merkevara Hardanger/Hardangerfjorden til den nye kommunen.

Identitet er sett saman av mange moment. At gravensarane er hardingar, og at Granvin ligg i Hardanger er på ingen måte ein motsetnad til at Granvin funksjonelt og administrativt er kopla til Voss. Identitet er ein seig materie, og tidsfakten bør ikkje underslåast (Salomonson, 1996).⁶ Men tidstypisk er det at identitetar anno 2020 er sett saman av ei rekke ulike komponentar, og at menneska av i dag identifiserer seg med fleire stader på same tid. Me kan utan problem identifisera oss både med lokalsamfunnet, byen, regionen, fylket, landsdelen, landet osb. Likevel er identitetten sterkest til det nære, der me høyrer til. Når ein skal bygga identitet til ein ny kommune er det ikkje snakk om at dei «gamle» identitetane må leggast ned. Forsking syner at det ikkje



«Eg likar å bade på badestranda». Elev i 1.klasse

⁵ <https://www.grind.no/sprak-kunst/hordamala>



«Eg likar å stå på ski og slalom». Elev i 1.klasse

⁶ Salomonsson, A. (1996). Regionaliteten som problem. I Idvall, M. og Salomonsson, A. (red): Att skapa en region. – Om identitet och territorium. NORDREGIO 1996:1, s13-20.

er heldig å freista gå frå fleire til éin ny identitet. Det er betre å ta vare på både dei gamle og den nye, når det er relevant. Å freista slå strek over ein gamal kommune kan vekkja djup motstand. Det er betre å anerkjenna innbyggjarane si tilhørsle til den gamle kommunen, medan ein samstundes framhevar at me no òg er del av ein ny kommune og synleggjera kva for fellesskap og positive vinstar det gjev.

Granvin sin stadidentitet

Stadidentitet kan bety så mangt. I prosjektet har me valt å skilja mellom to variantar av stadidentitet:

1. Plassen som grunnlag for identitetskonstruksjon for folk (identity with a place). Staden som utgangspunkt for, eller element i, menneska sin identitetskonstruksjon. Dette kjem ofte til uttrykk som kjensle av å høyra heime eller at ein identifiserer seg med staden.
2. Staden sin eigen identitet (identity of a place). Identiteten til ein stad tek ofte utgangspunkt i staden sine visuelle kvalitetar som t.d. landskap, bygningar og fysiske kulturhistoriske element.⁷

Å undersøka korleis ein identifiserer seg med ein stad, er ei stadig vanskelegare oppgåve sidan kompleksiteten i samfunnet er aukande. Me for-

flytter oss meir i den fysiske verda, og har tilgang til ei rekke ulike samfunn og grupperingar på internett. Verda har vorten større – og avstandane mindre på same tid. På denne måten vert identitetar meir komplekse. Ein identifiserer seg ikkje berre med staden ein bur, er fødd og oppvaksen. Ein «shoppar» identitetselement frå heile verda. Tilhøve som fagleg tilknyting, tilhørsle til ulike interessefellesskap, religiøs tilknyting, kjønnsideitet, politisk ståstad er alle med på å bidra til dei komplekse identitetane våre.

I undersøkingane me har gjort, gjekk me ikkje i djupna på den einskilde sin identitet. Me har freista finna ut korleis folk i og rundt Granvin tenker om gravensarane sin geografiske identitet. Hardingane og vossingane som svara på den nettbaserte omdømeundersøkinga, er tydelege på at innbyggjarane i Granvin vil vera del av Hardanger også etter kommunesamanslåinga. Og det er stor semje mellom innbyggjarane i Granvin om at ein kallar seg gravensar – og at det kjem til å vera slik også i framtida. Hadde me stilt gravensarane same spørsmålet før kommunesamanslåinga vart eit tema, ville svara truleg hatt større spreiling. Somme ville sagt folkedøl, andre kvandøl osb. I møte med ei ukjend framtid, oppstår større homogenitet inne i gruppa. Tidspunktet for denne undersøkinga (13 månader før kommunesamanslåinga), pregar sjølvsagt svara

me har fått. På spørsmål om kva ein ville nema seg for, var det ei gruppe respondentar som presiserte at dei alltid ville kalla seg gravensarar, men «kanskje harding om me er i Oslo t.d.»

Staden sin identitet vil vera ulik alt etter kven som vert spurt. Staden, bygda eller kommunen kan defineraast som eit tal kvadratkilometer, kor mange som bur her, eller gjennom naturgjevne eigenskapar.⁸ Dei mentale biletene folk har til ein stad, kan også dreia rundt fysiske identitetsmarkørar, som bygg eller andre handfaste landemerke. I distrikta i Noreg er det ofte natursymbola som har denne funksjonen⁹. Men det kan også vera kulturelle markørar som er tettast knytt til biletene har av ei bygd. Det kan vera arbeidarkulturen i Ålvik, Olav H. Hauge i Ulvik, osb.

Tek me Odda som døme, ser me at stadidentiteten ikkje er ein konstant, men at dei mentale biletene vil endra seg i takt med kva som er dei dominerande forteljingane om staden. Det er ikkje lenge sidan Odda var industribygd nr. 1, men etter at Trolltunga gjorde sitt inntog i sosiale medium er det igjen dei naturgjevne eigenskapane som er hovudingrediensen i Odda si stadidenti-

tet – i alle fall sett frå utsida. For stadidentitet er avhengig av kven det er som ser. Det er summen av det innbyggjarane opplever som «typisk» for si eiga bygd, saman med korleis staden vert oppfatta frå utsida.

TILTAK

Kva skal til for at Granvin beheld sin lokale hardangeridentitet?

- Synleggjer korleis Voss og Hardanger kan styrke kvarandre i framtida
- Synleggjer vinstane ved ein større og meir robust kommune
- Lat eksisterande identitetar bestå, og bruk dei som byggsteinar i ein ny felles identitet for Voss herad
- Bruk inkluderande språkføring i både intern og ekstern kommunikasjon frå Voss herad



«Eg likar meg på skulen». Elev i 1.klasse



«Eg likar meg i huset mitt på Røynstrand». Elev i 1.klasse

⁷ Skogheim, R. & Vestby, G.M. (2010) Kulturarv og stedsidentitet. Kulturarvens betydning for identitetsbygging, profilering og næringsutvikling. NIBR-rapport 2010:14. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.

⁸ Ruud, M. E. (red.). Sosiokuliale stedsanalyser, veileder. Akershus Fylkeskommune (2007). <https://docplayer.me/67848-Linda-lien-kunsthøgskolen-i-bergen-avd-design-fagomrade-for-visuell-kommunikasjon-www-visuellidentitet-no.html>



FOTO: SIGRID SEIM/AVISA HORDALAND

Kva er Granvin?

Som me såg i førre kapittel, tenker me oss Granvin som ein konstruksjon, der dei dominerande forteljingane om bygda er det som gjev bygda identitet. Så kva for «mentale bilete» finn me som er knytt til Granvin?

Me har undersøkt kva gravensarane sjølv opplever som «typisk Granvin», og korleis skuleborna i Granvin opplever bygda si. Dei 104 vossingane og 94 hardingane har svart på spørsmålet: «Kva forbind du med Granvin?» Gjennom søk på sosiale medium, får me ei aning om kva det er turistane ser og vel å dela, når dei er på tur gjennom bygda. Summen av dette gjev ingen fasit – men det kan gje oss hint om «kva Granvin er».

Granvin om Granvin

Gravensarane sjølv løftar fram «dugnadsånda» som det mest typiske for Granvin. «Folk stiller opp» og ein «får ting til», er formuleringar som går igjen. Fleire peikar også på at her er «mange lag og organisasjoner» og nesten like mange er samde om at det trass dugnadsvilje, kan vera vanskeleg å få folk til å ta styreverv. Gravensaren er kan henda «litt redd for å stikka seg fram».

Gravensarane er også samde i at her er eit trygt oppvekstmiljø. Ein er nøgde med skule og barnehage, og ungdommane er einstemmige i at ein av dei beste kvalitetane er at «alle kjenner alle». Dei unge kvinnene som har flytta frå bygda er også samsteme i at Granvin er «ein trygg plass å veksa opp» og at det trygge oppvekstmiljøet er eit viktig argument for å eventuelt flytta attende. Denne gruppa opplever likevel ein viss ambivalens knytt til at «alle kjenner alle». Ei typisk formulering for denne gruppa er «Liten plass derav bygdefenomenet om at alle kjenner alle, på godt og vondt.»

Kulturbymoen Granvin kjem på ein tredje plass om ein ser på kor mange gonger fenomenet vert nemnt. Nøkkelformuleringar er «flinke på kulturarv» og «tradisjon». Dette er også eit område som gravensarane tenker kan gjera bygda meir kjend i framtida. Her ligg ei oppleveling av at folkemusikktradisjonane i Granvin har ein styrke og eit omfang som utmerkar seg samanlikna med andre bygder.

Det er interessant at verken «trebygda Granvin» eller «skyttarbygda» har fått særleg merksemd i undersøkingane me har gjort. Det tyder ikke at dei ikkje er sanne bilete på bygda, og viktige

identitetsmarkørar for mange gravensarar, men kan henda er det vanskeleg å sjå korleis ein kan «gjera seg nytte» av desse fenomena i samanheng med skiftet ein står overfor no? Naturen er heller ikkje noko gravensarane sjølv peikar på som typisk Granvin. Kanskje har dei opplevd spørsmålet slik at det har vore mest naturleg å svara med eigenskapar, eller at «naturen» er ein så sjølvsagt del av Granvin at dei ikkje reflekterer over naturkvalitetane.

Om me gløttar litt til kva gravensarane tenker er gode grunnar til å busetta seg i bygda, og kva som kan verka som eit trekkplaster og gjera Granvin kjend i framtida, ser me likevel eit tydeleg fokus på naturen fjord, fjell, gode turmoglegheiter. Ungdomsskuleelevene peikar også på naturen som typisk Granvin, men er meir opptatt av kva for moglegheiter som ligg i dette. Skjervet er hyppig nemnt, likeins forslag om zipline. Kan henda er dei meir enn dei andre gruppene farga av kva som representerer bygda på Instagram?

GRANVIN: KVA ER TYPISK GRANVIN?



Hardanger om Granvin

På spørsmål om «kva forbind du med Granvin?» er folk frå dei andre hardangerkommunane ganske så samstemte i at det er fela dei koplar tetast til Granvin. «Hardingfela og eit levande spelemannsmiljø» og «Viktigaste folkemusikkbygd i Hardanger» er typiske utsegn. På andre plass kjem sagbruk og trelast: «Feler og sagflis», «trebygda Granvin», «Tømmer på kaien». Ein relativt stor del av hardingane opplever Granvin som eit vegkryss og eit knutepunkt. «Turistar som kører forbi», «Historisk knutepunkt», «Vegkryss» og «Ein plass ein kører gjennom» er formuleringar som går att.

Fleire av dei andre hardingane har litt sut for Granvin som skal verta del av ein større kommune, men samstundes er det mange som ser det som uunngåeleg. «Krevjande å yte tenester til innbyggjarane som ein liten kommune». «Fare for at dei vert for små mot Voss, nedlegging av viktig drift». Eit anna moment som går att er at bygda er litt «utydeleg» og at det er for få grunnar til å stoppa der. Ein av respondentane seier det slik: «At dei ikkje har stor nok sjølvkjensle og kunnskap om kva for ei særskilt historisk og unik kulturbygde dei er. Dei har ikkje utnytta dette i stor og tydeleg nok skala. Dei kunne bygd opp attraksjonar som ville fått styrka identiteten og slik vorte ei bygd som kunne tilby/dela noko som inga anna bygd i Hardanger kunne gjeve tilsvarende. Dei har aldri tenkt stort nok om sin folke-musikk-posisjon nasjonalt og internasjonalt.»

Hardingane ser på nærliken til Vossevangen både som ei føremon og ei ulempe. «Kort veg til regionsenteret. Kan dra vekslar på regionsenteret. Kan bli eit attraktivt lokalsenter, der det er godt og bu. Bu-senter for dei som pendlar til regionsenteret. Kan skapa ny vekst ved å bli meir «attraktiv» i ei framtid med meir fokus på miljø, berekraft, teknologi, og kulturbasert næring». Andre seier «For nærmere Voss. Lett å kjøre til Voss i staden for å delta på aktivitetar i Granvin». Hardingane er samde i at Voss er nært, men litt usamde om det kjem til å føra til at «Granvin vert slukt av Voss» eller om ein kan veksa på den tettare koplinga: «Bygda mellom fjord og fjell. Ligger ved fjorden, nærliek til kommunikasjon og regionsenteret Voss». «Kjapt hit og dit!»

Me kan summera vossingane sine tankar om Granvin med nokre typiske formuleringar: «Det er vakkert i Granvin, spesielt rundt Granvinsvatnet». «Tilgang til Hardangerfjorden og nærliek til Voss», «Ein roleg stad å bu eller opphaldha seg», «Lave husprisar, kort veg til Voss, lett tilgang til fjorden. Og sterkt dugnadsånd internt i kommunen».


Sett frå Voss, er Granvin si største utfordring at det er ei lita bygd med få arbeidsplassar. Ein respondent seier det slik: «Lita bygd som må finna sitt sær preg og sin identitet mot "store" Voss». Fleire er inne på det at Granvin er litt utsøyde, og ikkje har nokon klar identitet.

«Ulempa er at omverda ikkje kjenner nok til identiteten til bygda. Det er nok mykje omverda burde vore meir oppdatert på. Kva og kven er Granvin?»

Enkelte peikar på at det er viktig «at innbyggjarane er med i omstillingfasen slik at det ikkje vert "alt var bedre før" mentalitet». «Å innsjå at dei blir del av ein større kommune og at ikkje alt kan vere akkurat som før.»

Sett frå Voss ligg her mange moglegeheter – både for å verta ein attraktiv stad å busetja seg, men også med tanke på å utvikla Granvin som turist-destinasjon: «Fjord, kai, flotte og tilgjengelege turområde, nærliek til Voss og til resten av Hardanger. Kan bli koblinga mellom Voss og Hardanger i reiselivssamanhang. Stort potensiale». «At Granvin har alle forutsetninger til å skape en bygd der det er godt å bo».


KVA FORBIND HARDANGER MED GRANVIN?



Voss om Granvin

På spørsmålet om kva vossingane forbind med Granvin, ser me at natur generelt og fjord spesielt står i ei særstilling, med hardinge-feltradisjonen og sagbruk som andre viktige knaggar.

KVA FORBIND VOSSINGANE MED GRANVIN?



Born og unge om Granvin

Elevane på ungdomstrinnet er heilt samstemte i at det som er typisk Granvin er at «alle kjenner alle», og dei opplever bygda som ein trygg og roleg stad med fin natur. Ungdommane fylgjer med i ulike sosiale medium, og på spørsmål om kva dei trur folk utanfor Granvin forbind med bygda er det «Skjervet», «Monstermastene» og «vegen som raste ut på Holven» som går att. Dette er av hendingar og fenomen som har vist mest att i sosiale og andre medium dei siste åra. For framtida har dei stor tru på at Granvin igjen vil verta ein viktig plass for turistar å vitja – men då må destinasjonen utrustast med zipline, og gjerne ein klatrepark og eit velplassert panoramahotel. Ungdommane er i stor grad nøgde med bygda si, men mange av dei ynskjer seg ein kafé eller annan samlingsplass. Fleire butikkar og idrettshall står også på ynskjestaden.

Mellomtrinnet fekk ei barnetråkk-inspirert¹⁰ oppgåve. Her skal dei syna fram favorittstadene sine. Mellom gutane kom fotballbana på ein solid fyresteplass. «Min favorittplass i Granvin er grøn med svarte prikker og kvite striper med masse mål. Fotballbanen!» Skuleplassen og bassenget var også hyppige gjengangarar. Elles vart badestranda, ballbingen, bygdatunet, biblioteket og butikkane nemnt. På spørsmål om farlege, skumle eller kjedelege stader var det lite respons, men sagbruket og busstoppen i Folgedal vart begge omtala som potensielt farlege stader. Gamle slaktehuset kan også fortona seg som litt skummelt. For at Granvin skal bli ein endå betre stad

å vera, ynskjer mellomtrinnet seg kafé «der store og små kan snakke og ete», varmt basseng, klatrepark, butikkar, spinndumpe, tribune på fotballbana og meir fargar på skulen. Ei av elevane oppsummerer det slik: «Viss eg skal bu i Granvin når eg blir stor, vil eg at ungane mine skal få oppleve det eg gjorde når eg var liten. Og at me er Gravensarar». Det er viktig for fleire at ein framleis skal kenna kalla seg gravensar, og at skulen, biblioteket og butikkane blir verande i bygda.

«Butikkane, bassengene og skulen. Skulen er lurt og bassenga for at me skal ha det litt kjekt. Butikkane for å ikkje køyra langt berre for å få mat og drikke heim! Det er bra for miljøet! LEGEKONTORET!!! Det er viktig for menneskje-i Granvin. Det er bra for miljøet.»

Dei yngste elevane laga fargerike og detaljerte teikningar som skildra korleis dei opplever bygda si. Badestranda, skulen og skianlegget i Haugesåsen kom ut som klare favorittar!

„Eg synes det er viktig å behalda sjukeheimen fordi det er ein fin stad for dei som berre har litt igjen av livet sitt.

sitat skuleeleve Granvin



"Eg likar meg ved fjorden". Elev i 1.klasse

¹⁰ <https://www.barnetrakk.no/>

Turistar og andre forbipasserande

Besøkande i Granvin publiserer flest bilete på Instagram frå Skjervsfossen. Både infrastrukturen rundt og sjølve fossen er populære motiv. Turistar som publiserer bilete frå fjellturar, er oftest norske og gjerne relativt lokale. Fjorden i ulike variantar, og ferja i Kvanndal er også gjengangrar. Dei vitjande ser òg ut til å vera fasinert over smale vegar og lyssette tunellar, medan relativt få ser ut til å finna vegen til badestranda på Eide.

Granvin i media

Som elevane på ungdomstrinnet har forstått, er det dei hendingane som får brei medieomtale, som gjev bygda tydelegast karakter for utanforståande. Kampen mot «Monstermastene» og «vegen som raste ut på Holven» vart føljetongar med Granvin som åstad. Siste tida har kommunenesamslåinga fått fokus i media. Her har ein freista, og langt på veg lukkast med, å kommunisera positive saker, velvilje og rausheit. Dette har vorte lagt merke til, og gjev Voss herad ein god start med tanke på omdøme.

Også kulturelle uttrykk og aktivitetar kan gje preg til ein stad. Lenge har Knut Hamre vore eit velkjend namn, særleg i folkemusikk-kretsar i inn- og utland, og også i regionen. Felespelar og eldsjel Alexander A. Røynstrand vart kåra til årets Harding i 2018. Synnøve Kvamme er ein synleg og tydeleg aktør på naturvernfeltet. Både namnet, og kampen mot monstermastene, som ho først vart kjend for, peikar attende til Granvin. Likevel er det Brageprisvinner Ruth Lillegraven som per 2018 når breiast og lengst ut i media. Sjølv om ho er busett i Bærum, er det ikkje sjeldan at tilhørsela og lengten attende til heimbygda Granvin er omtala i intervju med forfattaren. Lengten, og heimekjærleiken, får òg plass i litteraturen hennar:

«Likevel er det som om noko i meg som alltid er avslått i Oslo, blir slått på her, mellom fjella, langs fjorden. Noko opnar seg, slik ferjegapet opnar seg etter tjue minutturs durande ferd og slepper ut bilane, slik fjorden opnar seg og blir på sitt breiaste der ein blinkar seg opp vegen til garden vår (...)» Alt er mitt, 2018:89

I sum gjev dette eit positivt bilet av bygda Granvin. At det er natur og kultur som er fellesnemnarane for dei gravensarane som syner att i omverda, stemmer godt overeins med det omdømeundersøkingane syner.

Går me litt tilbake i tid, var det den svært premierte spelemannen Anders Kjerland som synte

best att utanfor bygda. Likeins har den tredoble skyttarkongen Olav Medås vore med å sett bygda på kartet. Litt drahjelp har Granvin også fått frå grannekommunen i aust; Olav H. Hauge var ved fleire høve i Granvin for «å lesa» eigne dikt, og når han kom heim frå slike besøk, var han alltid begeistra over gravensarane generelt, men songgleda deira spesielt. «Nei folket i Granvin er noko for seg sjølv! Soleis skal det vera i ei norsk bygd!»¹¹

Granvin oppsummert

Som i dei fleste andre bygder, vil det finnast minst like mange skilnader som likskapar i Granvin. Summen av svara på spørsmålet: Kva er typisk Granvin? – vil kjennast rett for mange, og feil for andre. Sjølv om me har freista invitera alle gravensarane til å gje si oppleving av bygda, er det berre vel 30% av innbyggjarane som har deltatt i undersøkingane. Når me har leita etter kjernen av Granvin, handlar det om å finna noko ein kan samlast om, noko som kan skapa aktivitet og fellesskap. Ein fellesnemnar for Granvin.

Om me finn ein eller fleire fellesnemnarar, kan me gå vidare og diskutera om ein av desse kan vera tenlege som x-faktor, eller eit fyrtårn, for bygda – noko som gjer Granvin synleg og interessant, for dei me ynskjer at bygda skal vera synleg og interessant for.

Medan identitet er tett knytt til avsendar, tenker ein at omdøme er knytt til korleis ein mottakar oppfattar til dømes ei bygd. Kva gravensarane sjølv opplever, kan me altså forstå som identitet - medan kva dei på utsida ser og forbind med bygda, er omdøme. Skal me leita etter ein x-faktor i Granvin, bør det vera noko som opplevest sant internt og som synleg eksternt, og det bør vera noko som ei eller fleire relevante målgrupper kan ha interesse av og som gjev bygda ein relativt unik posisjon (sant internt + synleg og interessant eksternt = mogleg x-faktor).

Identitet

For gravensarane sjølv er bygda deira fyrst og fremst ein trygg stad, der innbyggjarane opplever at dei gjennom dugnad og lagsliv skapar trivnad for seg sjølv og kvarandre. Dei er veldig nøgde med skule- og barnehagetilbodet i bygda, og dei nemner dei gode oppvekstvilkåra som «typisk Granvin». Fela og sagbruket kjennes essensielt for ein del, men for andre er dette element som ein opplever at mest er med å definera bygda frå utsida. For ungdomane er Granvin det dei trur folk på utsida legg merke til, som t.d. toa-

lettet i Skjervet, medan dei som er i eller rundt spelemannsmiljøet vil halda fela høgt som ein fellesnemnar. Det er altså ikkje uproblematisk å snakka om éin identitet for Granvin.

«Dei fleste stader har fleire del-identitetar som lever side om side. Ulike innbyggjarar må få lov til å fokusera på ulike sider ved identiteten, dersom målet er å motivera dei til å vera gode omdømmebyggjarar for heimstaden sin.» Linda Lien, 2012:87

I 2012 gjorde Linda Lien eit 3-årig prosjekt i Kvam herad, der ho mellom anna sökte å «finna, formidla, men også skape identitet» for bygda Ålvik. Til liks med gravensarane, heldt også ålvikarane dugnadsviljen fram som ein typisk ting ved bygda si. Og dei sakna ein stad å samlast. Med dette som utgangspunkt, vart det skipa popUp-kafear i Ålvik. Dette vart starten på Kafe Kraftstasjonen.

I Ålvik registrerer ein også at dugnadsviljen vert lagt merke til, at andre omtalar ei dugnadsånd i Ålvik. Visualisering av denne dugnadsånda gjennom kaféprosjektet og medieomtale er både med på å gjera dugnad til ein del av omdømmet, men kan også verka sjølvforsterkande, slik at ein faktisk i større grad opprettheld og fokuserer på dugnadsviljen.» Lien, 2012:51

Dugnadsiver kan ein tenka er av kvalitetar som har mest effekt internt, og altså noko som gjer bygda meir attraktiv for omverda. Men som me ser i eksempelet Ålvik, kan det tenkast at summen av interne og eksterne effektar, gjev god grunn til å sjå nærare på korleis me i endå større grad kan nyta dugnadsviljen i bygda som ressurs. Når me ser at både skuleborn, ungdomar og vaksne etterspør samlingsplassar i bygda, er kan henda kaféprosjektet i Ålvik, verd å vurdera som tiltak for å stimulera til ei god utvikling i Granvin.

Lien sitt oppdrag i Kvam var å designa ein visuell identitet for heradet. Refleksjonane ho gjorde seg rundt del-identitetar, er også relevante i vårt arbeid med identitet i Granvin:

«(...) tek utgangspunkt i at ein stad ikkje har ein identitet, men mange, og at ulike innbyggjarar er opptatt av og ønskjer å formidla ulike kvalitetar ved staden. Framfor å be innbyggjarane fortelja ei «sann» historie, må det vera rom for ulike, og kanskje også motsetningsfylte forteljingar. (...) Menneska er ein stad sin viktigaste ressurs, og innbyggjarane og utflyttarar er staden sine viktigaste ambassadørar. Men folk

si lojalitetskjensle knyter seg til bygd, og ikkje kommune. Den visuelle identiteten må speglade dette.» Lien, 2012:67

Granvin er både natur og kultur. Granvin er Knut Hamre og Ruth Lillegraven. Granvin er toalettet ved Skjervsfossen og Granvin er ferja over fjorden. I Granvin dei «kan spela og skjota», som Olav H. Hauge skreiv i dagboka si.¹² Kva for forteljingar som skal løftast fram, må ta utgangspunkt i det bygda og innbyggjarane sjølv ynskjer å synleggjera og utvikla vidare. Ynskjer ein synlegheit som gjev positive effektar, som interesse og attraktivitet, vil det vera lurt å ha med i vurderinga korleis den valde identiteten vil virka inn på eit framtidig omdøme – men også at det er enklast å byggja vidare på ei alt eksisterande oppfatning av kva «bygda er».

Omdøme

I fylgle Omdømmeskolen til regjeringa¹³ vil ei bygd eller ein region som har eit godt omdøme kunna auka «sin attraktivitet som bosted, som område å besøke og som en region det er attraktivt å investere i». For ei bygd vil det vera eit poeng å få fram verdiar og gode som «det landlege» representerer.

Djupast sett seier omdømet noko om kjerneverdiane i ein kommune eller ei bygd. I arbeid med omdømet må ein difor ta utgangspunkt i korleis innbyggjarane sjølvle opplever bygda si. At eit omdøme er tufta på opplevd sanne kvalitetar internt, gjer at tiltak og kommunikasjon rundt omdømearbeidet lettare kan få preg av entusiasme og glød. Og entusiasme skapar tiltrekingskraft. I fylgle Omdømmeskolen er det fleire kjelder til eit godt omdøme. Fyrst av alt må ein vera **synleg**. Utan merksemd får ein ikkje noko omdøme i det heile. I undersøkingane me gjorde i nabobygdene, fekk me fleire uttalar som denne: «Oppfattar ikkje ein eigen identitet for Granvin». Denne utsegna peikar også på det neste punktet; **særpreg**. Kva gjer Granvin til noko som er forskjellig frå andre stader? Og kva for unik kvalitet har Granvin, som er sann og **autentisk** – og av interesse for dei Granvin ynskjer å knyta til seg, som t.d. tilflyttarar, vitjande, investorar og journalistar?

At Granvin kan opplevast som «litt anonym» for somme, gjev bygda eit svakt omdøme. Likevel trekker dei fleste respondentane i undersøkingane me har gjort, fram positive kvalitetar ved bygda, så status per 2018 er at Granvin har eit litt utydeleg men klart positivt omdøme i regionen. I

nokon grad smittar Hardanger-omdømet over på Granvin. Det regionale omdømeter prega av reise-livsaktørane og deira fem F-ar; fjord, fjell, foss, fonn og frukt.

STYRKING AV OMDØMET

Me let oss inspirera av F-ane til Hardangerregionen når me skal formulera dei sentrale kvalitetane som Granvin kan byggja vidare på. Bygda kan styrka synlegheit og dyrka sær preg for Granvin gjennom fire F-ar:

Folk – bygga opp under det inntrykket som alt har festa seg i omlandet av at gravensarane er trivelege folk, som er stolte av bygda si og som arbeider godt i lag, er smålåtne og flinke å få det til. Promotera dugnadsånda, vera gode ambassadørar som står støtt i sitt eige, vera inkluderande og rause, kanskje våga å opna litt meir opp – by på det Granvin har av kvalitetar og ha tru på at andre vil setja pris på og interessera seg for det Granvin har.

Fela – skapa trivnad og attraktivitet med den sterke folkemusikktradisjonen som er i bygda, og som omlandet også oppfattar som typisk Granvin. Granvin ER spelarhola. Bruka fela aktivt i profilering, gjerne også som grafisk element som kan fungera som ein visuell fellesnemnar.

Spelarhola, Hardingfela.no, og spelemannslaget er viktige aktørar.

Fjell – synleggjera dei gode tilboda som alt finst, med Oksen som ein unik attraksjon. Utvikla løyper til populære og attraktive toppar og turmål. Gjera hendingar som Stølstrimmen meir synleg også utanfor bygda. Turlaget er ein viktig aktør.

Fjord – aktivera fjorden. Gjera fjorden tilgjengelig og attraktiv for heile kommunen. Få på plass utelege av kajakk eller andre småbåtar, ha lett tilgang til fiskekort og god skilting til badestrand. Utvikla kaiområdet som planlagt, med kafé/servicebygg/møtestad på kaien.

X-faktor?

Natur er den faktoren som får størst oppslutning totalt sett mellom interne og eksterne respondentar. Men på leit etter det som skil bygda tydeleg frå andre vestlandsbygder, er ikkje typisk vestlandsnatur den enklaste vegen å gå. Her er det stor konkurranse. Fela og spelarhola er slik sett enklare. Hardingfela er uløyseleg knytt til Hardanger gjennom namnet, og når resten av Hardanger er tydelege på at det dei forbind med Granvin er den sterke hardingfeletradisjonen, har bygda på eit vis mandat til å fronta dette kulturredrykket.



FOTO: VIDAR HERRE/ AVISA HORDALAND

Vil ein finna måtar å nytta seg av ein x-faktor, er det ofte med mål om å skapa attraktivitet. Her er det mykje å vinna, men det er viktig å gjera det utan at det går på kostnad av lokal eigenart. Likeins må ein ta med i vurderinga om ein er villig til å velja vekk kvalitetar og kjenneteikn ved bygda i det ein kommuniserer ut. Skal bygda få eit meir tydeleg omdøme, kan ikkje alle del-identitetar vera synlege i den utoverretta kommunikasjonen. Då må ein velja seg ut fyrtaårn som får representera bygda i verda omkring.

Av dei fire F-ane, fjord, fjell, folk og fela, er det sistnemnde som har det tydelegaste potensialet knytt til å vera ein velfungerande fellesnemnar, eit symbol og eit fyrtaårn for bygda. Det er lett å sjå for seg aktivitetar knytt til fela, med konsertar, kurs, festivalar. Samstundes er fela heradsvåpen for nye Voss herad – og ein får drahjelp gjennom dette.

Voss herad bør vurdera å utvikla visuelle identitetar for Granvin og dei andre lokalsentra i nye Voss herad. Ikkje på eit vis som konkurrerer med den sterke og tydelege merkevara Voss, men som gjer det tydeleg at dei heng saman i ein heilsak. Folk identifiserer seg med og engasjerer seg i bygda si. Desse kreftene verkar langt svakare på kommunenivå. Det tyder at ein felles visuell identitet for heile Voss herad, vert vanskeleg å identifisera seg med i lokalsentra. Det er naturleg at den velfungerande merkevara Voss består. Blandar ein inn for mange element, risikerer ein å få kompromiss som gjer staden uinteressant for utanforståande og lite identifiserbar for innbyggjarane.

”

Granvin er ganske anonym. Medan Voss og dei andre Hardangerkommunane har eit eller fleire særmerke, har ikkje Granvin så mykje som gjer kommunen/bygda kjend utanfor eigne grenser.

Sitat vossing om Granvin

TILTAK

- Synleggjer ein valt x-faktor for Granvin, gjennom konkrete tiltak og hendingar. Her må ein òg tenkja på kva for målgruppe(r) ein helst vil vekka interessa hjå.
- Bygg omdøme og attraktivitet rundt dei fire F-ane; folk, fjell, fjord og fela.
- Voss herad bør utvikla visuelle identitetar for Granvin og dei andre lokalsentra i nye Voss herad utan å forringa den sterke og tydelege merkevara Voss.



Livskvalitet og eit levedyktig samfunn

KVA SKAL TIL FOR Å SIKRA LIVSKVALITET FOR INNBYGGJARANE OG EIT LEVEDYKTIG SAMFUNN?

Eit levedyktig samfunn er berekraftig sosialt, økonomisk og for miljøet. Eit levedyktig samfunn har velfungerande politiske system som sikrar medverknad og demokrati. Her er trygge bumiljø og tilstrekkeleg infrastruktur, og ein fører langsiktig ressursforvalting gjennom å sikra biologisk mangfald og minimalisera klimaavtrykket. I eit levedyktig samfunn har innbyggjarane trygge rammer og moglegheit for positiv sjølvrealisering.

«Me bur alle i eit lokalsamfunn, og Granvin og Oksenhalvøya er døme på levande bygder som har fokus på trivsel og livskvalitet. Lokalsentra vert viktige i den nye kommunen. Mindre bygdesamfunn er gode bu-område, og har kvalitetar som fremjar trivsel og utvikling.»
Utkast til kommuneplan Voss herad

Eit levedyktig samfunn

Eit levande lokalsamfunn treng folk, berekraftig aktivitet og nok tenester lokalt. Granvin herad valde å slå seg saman med Voss kommune for å styrka evna til å møta framtidige utfordringar og endringar, av di bygda var på veg til å vera for lita. Folketsutviklinga har også ein vesentleg effekt på levedyktigheita for heile det ikkje-kommunale samfunnet. Nok folk i bygda er avgjerande for dei som driv butikk, for lag og organisasjoner, og for å kunna behalda kommunale tenester som skule, barnehage, bibliotek osb. Men dei kommunale tenestene er også avgjerande for å kunna oppretthalda busetnad. Om vesentlege tilbod forsvinn, vil det svekka attraktiviteten i bygda og dimed folketsutviklinga.

Å ha eit godt tilbod av handel og tenester innanfor rekkevidde gir grunnlag for trivsel og livskvalitet. Samstundes treng mange funksjoner ein viss befolkningstorleik for å kunne vere av god nok kvalitet og for å kunne svarast for økonomisk. Hordaland fylkeskommune.¹⁴

Folketal og tenester påverkar kvarandre gjensidig, og det er stor bekymring i Granvin knytt til flytting av kommunale tenester, og dei konsekvensane det kan få for bygda. I april 2018 sende 568 innbyggjarar opprop mot nedlegging av

legekontoret. Her viser dei til intensjonsavtalen, som seier at «Dei viktigaste velferdstenestene skal leverast der innbyggjarane bur.» At legekontoret vert lagt ned, opplever dei som eit klart brot med denne formuleringa. Dette har skapt frykt for kva som kan koma. I Gjestebod-undersøkinga, ser me at nettopp faren for nedlegging av kommunale tenester, er det gravensarane hypsigast peikar på som trussel mot ei god utvikling for bygda. Det finst òg ei uro knytt til korleis kommunenesamanslåinga vil virka inn på engasjementet mellom gravensarane. Mange er redde at «større avstand til makta» vil virka negativt inn på dugnadsiver og politisk deltaking.

Folketal

Ein stadig større del av den norske befolkninga bur i by eller tettstad, og urbaniseringstendenzen ser ut til å halda fram. Folketalet i Granvin har gått jamt nedover dei siste tiåra. Ei tid låg folketalet på kring 900, men no ser det ut til å ha stabilisert seg på 920–940 innbyggjarar i Granvin. I SSB sine framskrivingar er det ingen markante endringar i dette. Likevel er det verd å merka seg at det er forventa redusert innvandring, og med ein generell nedgang i fødselstala får me ei befolkning som vert stadig eldre. Dette gjev på sikt utfordringar med å gje gode kommunale tenester når ein relativt sett stadig mindre del av innbyggjarane er i arbeid.

Nasjonale tendensar syner at alle distriktskommunar er utsette for dei same strukturelle utviklingstrekkja, med svak eller ingen arbeidsplassvekst, delvis som følge av sentralisering av statlege arbeidsplassar, men også som følge av at distrikta har opphoping av næringar som er i nedgang. Dette er del av forklaringa på kvifor dei unge vel å flytta frå bygda. Men det som i følgje Telemarksforskning er den viktigaste årsaka til at dei unge vel å busetja seg i bynære og urbane område, er primært eit ynskje om å leva urbant.¹⁵ Ein stadig større del av befolkninga vel å busetja seg i høveleg dagpendlaravstand til tettstader og byar.¹⁶ Når Granvin får ei tettare og formell kopling til regionsenteret Voss, kan attraktiviteten til lokalsenteret auka og busetnaden oppretthalda. Over fleire år har Granvin herad lagt til rette for bustadbygging gjennom tilrettelegging av tomter. No ber satsinga frukter. Tre ulike prosjekt

¹⁴ https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-plan-for-attractive-senter-i-hordaland_web.pdf s.10

¹⁵ https://48vpl2642pa30ejq72t9ozh-wpengine.netdna-ssl.com/wp-content/uploads/2018/10/Sukssessrike-distriktskommuner-anno-2018_sluttrapport-sept-18.pdf s. 28

¹⁶ Nordtug, J., Sand, R., Wendelborg, C. og Asetre, J. 2004. Tilhørighet, pendling og kommunestruktur.

En analyse av hvordan tilhørighet og pendling kan påvirke den framtidige kommunestrukturen i Nord-Trøndelag. – Nord-Trøndelagsforskning. NTF-notat. S. 10.

er i ferd med å realisera ei rekke nye bustader i Granvin.

Tenester og infrastruktur

Kommunesamanslåingar har som mål å sikra innbyggjarane gode tenester på ein meir ressurs-effektiv måte. Argumenta for å danna større einingar er ikkje berre økonomiske omsyn, men også at ein ynskjer meir robuste fagmiljø. Med eit slikt bakteppe er det enkelt å argumentera for at kommunale tenester i Granvin bør flyttast til Voss. Samstundes må ein ha med seg ein tanke om kva for fylgjer slike endringar kan få. Offentleg kommunikasjon Granvin-Voss er ikkje godt nok utbygd til at ein kan nyta den til t.d. eit legebesøk, utan vesentleg innhogg i ein skule- eller arbeidsdag. Dette aspektet bør med i ei samfunnsøkonomisk vurdering, og transportbe-hova må sjåast i lys av klimaomsyn. Likeins må ein sjå på kva for konsekvensar flytting av kom-munale tenester vil ha for innbyggjarar og det private næringslivet i Granvin. Ein må finna den rette balansen mellom institusjonar med storleik som gjev fagleg kvalitet og effektiv drift - og of-fentlege tenester som er reelt velfungerande og inkluderande for alle innbyggjarane i kommunen.

Næring i Granvin

Om lag 60% av gravensarane i arbeidsfør alder har arbeid i Granvin. Av dei som pendlar ut av kommunen til jobb, er det meir enn halvparten som har arbeidsstad på Voss, og 10 % av arbeidsstakarane i Granvin er frå Voss. Granvin har ei relativt stor primærnæring om ein saman-liknar med landet elles. Dei siste åra har ein også fått ulike typar småskalaproduksjon. Her finst små og mellomstore verksemder innan tradisjonnele handverk som murar, røyrleggjar, elektrisk installasjon, men flest arbeidsplassar finst innan kommunal tenesteyting. Moelven Granvin Bruk er hjørnestinsbedrift i bygda.

Næringslivet vil i ulik grad verta påverka av endringar i det lokale kommunale tenestetilbot-det. Butikkane vil truleg merka større (og potensielt fatal) handelslekkasje om gravensarane får fleire ærend på Voss.

Som me var inne på innleiingsvis, heng distrikta ofte att i gamal industri, og urbanisering heng over bygde-Noreg som ein konstant trussel. Ofte vert digitaliseringa av samfunnet sett på som del av same negative spiral – men digitale løysingar kan også ha ein utjamnande og demokratiserande effekt. Digitalisering gjev moglegheiter også på bygda.

Både innbyggjarane i Granvin, næringslivet og omlandet ser på turismen som eit sjølv sagt sat-singsområde for bygda. Turisme gjev arbeids-plassar, skapar aktivitet og sjølvkjensle gjennom at ein opplever å vera attraktiv for andre. «Turista-ne kan også ha funksjonen som «blikket utan-frå». Det er difor viktig korleis staden presenterer seg for besøkande, fordi deira tilbakemeldingar vil på verka identiteten og sjølvkjensla.» (Lien, 2012).¹⁷ Me kjem nærrare inn på dette i kapitlet «Næringslivet i Granvin».

Grøne Granvin

I FN sine berekraftsmål¹⁸ kan me lesa at «livskvalitet for alle» inngår som del av ei berekraftig framtid. Me pliktar å «handle umiddelbart for å stoppe klimaendringene og bekjempe konsekvensene av dem». Vidare seier FN at alle forval-tingsnivå pliktar «å bygge velfungerende, ansvar-lige og inkluderende institusjoner på alle nivåer».

Når Gravinsfjorden vert del av Voss herad må kommunen sikra seg at ein har tilstrekkeleg kunnskap om og fokus på berekraftig bruk av både landbaserte og marine ressursar. Forval-tingstiltak må ha langsigte horisontar. Ville be-standar må sikrast og ei god fjordhelse haldast høgt. I utkast til samfunnssdelen av kommune-planen heiter det at «Voss vil ha rett næring-verksemd på rett stad, og samstundes ta vare på dyrka mark og grøntområde.» Marine ressursar bør også nemnast i slike samanhengar.

Et levedyktig samfunn i 2020 tek klimaendringa-ne på alvor, og legg til rette for at infrastruktur toler ekstremvær og at beredskapen er budd på katastrofar. Men me har også eit ansvar for å kutta utslepp av klimagassar med 40% innan 2030. Då må ein gjera det enkelt for innbyggjarane å gjera grøne val.

Vidare seier utkast til kommuneplan for Voss herad at «Sentrum og lokalsentra må leggast til rette for gåande og syklande i tråd med satsinga på berekraftig miljø, og best mogleg folkehelse for alle.» I Granvin har ein alle tenester og tilbod samla i sentrum. Her er det enkelt å la bilen stå - og særleg om ein har eit tilstrekkeleg godt kol-lektivtilbod når ein skal ut av bygda.

Når Granvin går frå kommunesenter til lokalsen-ter, vil det vera naturleg å arbeida for eit betre kollektivtilbod mellom Granvin og kommunesen-teret på Voss. Det bør finnast ladepunkt for mil-jøvenleg transport, også utanfor sentrum. Voss herad bør fremja inkluderande og grøn næring

i heile kommunen. Heradet må stø opp om lo-kale leverandørar, og fremja grøn innovasjon. Lokalt trevirke, lokalprodusert mat og berekraf-tige marine næringar er døme på framtdsretta forbruks- og produksjonsmønster.

Livskvalitet

Når SSB undersøker livskvalitet i befolkninga, handlar det om i kva grad folk opplever glede og meining i tilværet.¹⁹ Om dei kjerner tilhørsle, er engasjert i eige liv og opplever meistring. Livskvalitet heng i nokon grad saman med dei ytre tilhøva, men ein trygg jobb og ein ok bustad er ingen garanti for at livet kjennest meiningsfullt. Desse ytre faktorane er hygienefaktorar som går ut over trivnaden om dei ikkje er til stades, men som ikkje i seg sjølv gjev trivnad. Dette er faktorar som ein forventar skal vera på plass. Livskva-litet er altså noko anna, det som gjev meining og tilhørsle.

Livskvalitet og trivsel heng tett saman med folke-helse, og i fylge Folkehelseinstituttet²⁰ er det stor folkehelsegevinst i å stø opp om tiltak som gjev oppleving av glede, sosial deltaking, meistring, autonomi og meining. Av dette kan me slå fast at sosiale arenaer, kulturtilbod og medverknad er viktige moment når ein skal sikra livskvalitet.

Sosiale arenaer

Lag og organisasjonar er viktige aktørar på dette feltet. Aktiv deltaking i lagsliv byr på styrearbeid og dugnadsarbeid, men også opne arrangement og fritidstilbod. Sosiale arenaer har ein også i nærbukken, på biblioteket, på leikeplassen og i venterommet. Både vaksne, born og ungdom i Granvin etterlyser ein kafé eller annan samlings-plass der «store og små kan snakke og ete». Som me kjem inn på i neste avsnitt, er det i somme høve behov og interesse for å slå saman liknande lag i Voss og Granvin. Samanslåingar har ei plusside i at ein får fleire felles møteplassar for innbyggjarane i nye Voss herad, som i sin tur har positiv effekt på kjensla av å høyra til i ei ny eining. Når ein vurderer samanslåingar, bør ein også vurdera dei mindre heldige effektane dette har for lokalsamfunna. Det er viktig å ikkje mista sosiale arenaer, men stø opp om dei slik inten-sjonsavtalen skildrar i eitt av hovudmåla for den nye kommunen. Her heiter det at Voss herad skal:

«Ha eit variert kulturliv og leggja tilhøva til ret-te for den viktige rollen som dei frivillige har i lokalsamfunnet. Dette skal ein oppnå ved å vidareutvikla kulturinstitusjonar og arrange-

ment, og ved å styrka rammevilkåra for frivilli-ge organisasjonar.»

Frivilligheit

Skildringa av frivilligheita i Granvin baserer seg på innspel frå lag og organisasjonar i bygda. For-slag til tiltak er inspirert av «de ti frivillighetspoli-tiske bud» på nettsida til frivillighetnor.no

I Granvin finst ei rekke aktive lag og organisa-sjonar, mange eldsjeler og ei stor dugnadsånd. I sum gjev dette eit relativt godt fritidstilbod. Alle peikar på at det har vore viktig at «dørstokken inn til heradet har vore lav», og at ein «veit kven ein skal snakka med i kommunen». Lag og orga-nisasjonar trekker fram Bygdahuset, Bygd-a-tunet, Kulturbanken og Meir-ope som viktige og gode arenaer i bygda.

Av utfordingar seier fleire at det er «mykje dei samme personane som driv dei ulike laga», og det er ein fare for at eldsjelene vert utbrende når det er få innbyggjarar å fordela oppgåvene på. Her er stor konkurranse om ein relativt liten medlemsmasse og relativt små kulturmildar.

I ein ny og større kommune ser enkelte av laga moglegheiter for å få fleire medlemer, og kan henda fleire ressurspersonar å ta av. Her finst moglegheiter til samarbeid mellom organisasjona- og med festivalane på Voss.

Som del av Voss herad, er enkelte bekymra for at Granvin kan få ein auka konkurranse frå lag og organisasjonar på Voss, både om medlemer og ressurspersonar til å ta verv. Somme ser også med uro på at det vert «større avstand til admi-nistrasjonen», «byråkratisering» og «lang veg til makta».

For dei av organisasjonane som har kommu-nale tilskot, kjem desse først og fremst i form av kulturmildar. Fleire av laga har ingen kommunale tilskot, og dei fleste har størstedelen av drifts-midlane frå medlemskontingentar og overskot av drift og arrangement. Mange av dei frivillige tiltaka har likevel det til felles at dei får nytt kommunale bygg og anlegg utan kostnad. Laga er avhengig av ein slik praksis.

Voss kommune er i fylge frivillinorge.no²¹ i gang med å utvikla ein communal frivilligheitspolitikk. Nye Voss herad vil ha mykje att for å ta vidare dette arbeidet, og ha som mål for 2020 at ein skal vedta ein tverrsektoriell frivilligheitspolitikk for heile heradet.

Frivilligorge.no tilrår kommunane å innhenta kunnskap frå dei frivillige organisasjonane om kva for mål, ressursar og utfordringar dei har. Likeins om dei har ynskje om å samarbeida med kommune, næringsliv eller andre organisasjonar. Av viktige tiltak for å sikra god utvikling på det frivillige feltet bør kommunane gjera søknadsprosessar, rapportering og kontakt med kommunen enkelt og lite tidkrevjande. Frivilligheita er "samfunnets vaktbikkje" og skapar mellom anna lokalsamfunnsutvikling, kunnskap, sosiale møtestader, tilhørsle og demokratiopplæring. Frie midlar er ein føresetnad for at frivilligheita kan veksa på eigne premiss. Føreseielege rammer skapar berekraftig drift og utvikling i frivilligheita. Eit døme er å legga til rette for lokale som frivilligheita kan nyttja.

Kulturtilbod

Intensjonsavtalen seier at Voss herad vil «styrka posisjonen som ein av dei mest attraktive idretts- og kulturkommunane i landet». Som prinsipp for samanslåingsprosessen seier avtalen at den nye kommunen «skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kommunane sine

styrker og særpreg.» Dette er formuleringar det er naturleg å ha i tankane når tenestetilbodet i dei to kommunane skal harmoniserast.

Når ein gjer endringar, som t.d. å auka betalingssatsane for kulturskuletimar, må ein rekna med at bruken av tenesta vil gå ned. Då nabokommunen Kvam auka satsane markant i 2012, gjekk dekningsgraden i kulturskulen frå 54% til 22,6%²² i 2017. I dag har Granvin ein dekningsgrad på 67%²³ medan Voss kommune har 14,4%. Skilnaden i dekningsgrad mellom dei to kommunane heng truleg ikkje berre saman med pris, men også fysisk avstand til tilboden og i kva for grad det finst andre og konkurrerande tilboden i nærlieken. At kulturskular generelt opplever nedgang i søkeratala, heng truleg òg saman med at kulturfellet og liva våre generelt vert stadig meir skjermbasert.

Likevel kjem me ikkje vekk frå at det finst ein samanheng mellom pris og deltaking. Her burde ein vurdera om det ikkje var Granvin sine «styrker og særpreg» som burde vidareførast all den tid me veit at meistring, glede, tilhørsle og meiningser effektar av å delta i kulturtilbod. Ikke



FOTO: INGERID JORDAL/HARDINGFELA.NO

minst er denne harmoniseringa ugunstig for dei gruppene som er mest sensitive for ei prisjustering. At det vil koma nedgang i dekningsgraden i kulturskulen i Granvin bør ein ha eit medvite forhold til, og møta det med tiltak.

For dei som bur i utkantane av kommunen vil det vera færre tilbod utanom kulturskulen, og dekningsgraden i lokalsentra burde såleis vera høgare der. Av tiltak kan ein vurdera å gjera kulturskulen til ein meir integrert del av grunnskulen/SFO, tilby meir gruppeundervisning og stø tydeleg opp om frivilligheita sine fritidstilbod for born og unge i lokalsamfunna. I fylge utkast til kommuneplan for Voss herad skal born og unge «få oppleva meistring, og utvikla eigne evner og eit positivt sjølvbilete. (...) Eit godt oppvekstmiljø er ikkje minst viktig for utsette grupper, lågterskeltilbod og møteplassar «som inviterer til aktivitet og deltaking» må vera tilgjengeleg for alle.

Medverknad

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har slått fast at lokaldemokratiet skal styrkast og utviklast gjennom brei medverknad og god dialog i planprosessar. Fellesnemnda i Voss herad har vedteke at dei ynskjer å utvikla det politiske engasjementet og dialogen med innbyggjarane gjennom grendeutvala.²⁴

Dette korresponderer også godt med det me veit: Eit levedyktig samfunn sikrar medverknad og demokrati. Medverknad syter for meinings- og autonomi gjennom at innbyggjarane tek del i utvikling av eige nærmiljø. Gjennom samskaping mellom kommune og engasjerte innbyggjarar får ein også ein auka utviklingskapasitet. Autonomien som Granvin har hatt som eigen kommune, har ført til lagånd og stor dugnadsaktivitet. Denne krafta er det viktig å pleia for å sikra vidare og god utvikling av bygda.

Utviklingskapasitet - "Engasjement og bulyst!"

Steinkjer kommune har utvikla ein arbeidsmetode for medverknad som samstundes styrkar lokal samfunnsutvikling. Metoden er kalla Bolystteam og går i korte trekk ut på at utviklingsarbeid i kommunen skjer gjennom likeverdige partnerskap mellom innbyggjarar, næringsliv, tilsette i kommunen og folkevalde.²⁵

Når innbyggjarane er engasjerte i sitt lokalsamfunn, er målet at deira positive engasjement skal forsterkast gjennom ein god dialog med fagper-

sonar i kommunen. Om ei gruppe frå lokalsamfunnet set i gang ein heilskapleg utviklingsprosess, så set kommunen saman fagpersonar til eit Bulyst-team, som skal bistå med å sikra medverknad og syta for at dei får tilgang på rettleiing, kunnskap og beslutningsmandat frå kommunen. Initiativ til stadutviklingsprosessar skal i fyrste rekke koma frå innbyggjarar eller grupper i lokalmiljøet. Initiativ ovanfor kommunen formidlast til plan- og utgreiingstenesta, som set ned eit operativt Bulyst-team (fagpersonar) for vidare samarbeid med lokale ekspertar og krefter. Målet er at positive innbyggarengasjement skal forsterkast gjennom ein god dialog og eit godt samarbeid med fagpersonar i kommunen.

Voss herad sine planar for politisk medverknad samsvarar godt med tankane bak Bulyst-gruppane. Bulystteam-modellen er ein nærdemokratimodell. Voss herad sin variant av dette kan vera å kopla Bulyst-metodikken til systemet med grendeutval, ved å gje utvala formelt initiativansvar for bygdeutviklinga i si grend. På denne måten vil ein aktivera kapasiteten til heilskapleg lokal samfunnsutvikling samstundes som ein utviklar nærdemokratiske ordningar.

TILTAK

Kva skal til for å sikra livskvalitet for innbyggjarane og eit levedyktig samfunn?

- Sikra medverknad og samskaping ved t.d. BULYST-metoden
- Arbeida for betra offentleg kommunikasjon mellom kommunesenter og lokalsentra
- Tilby tenester og handel nært nok
- Styrka rammevilkåra for frivillige organisasjonar
- Vedta ein tverrsektoriell frivilligheitspolitikk
- Syta for at alle grupper har reell tilgang til fritidsaktivitetar
- Ha berekraft som berebjelke



FOTO: INGERID JORDAL/HARDINGFELA.NO

Korleis vera ein attraktiv stad å bu?

KVA SKAL TIL FOR Å GJERA GRANVIN TIL EIN ATTRAKTIV STAD FOR INNFLYTTARAR?

I 2018 handlar innflytinga til Granvin hovudsakleg om unge som flyttar heim etter fullført utdanning, og om arbeidsinnvandring. Dei som vender heim, kjem attende til eksisterande nettverk og orienterer seg naturleg nok enkelt i lokalsamfunnet. Dei kjenner både moglegheiter og manglar på staden, og har det som kan kallast for ein innebygd «stay-faktor». Største delen av arbeidsinnvandrarane kjem frå aust-Europa, og for denne gruppa krev det større innsats å koma inn i nettverk og å forstå dei uskrivne reglane som gjeld. Kva forventar skulen av foreldra? Kva er eigentleg dugnad? Knekker ein ikkje desse kodane, vert ein ståande på utsida av fellesskapet. Utanforskap gjev verken gode oppveksttilhøve eller trivnad for dei vaksne. Denne gruppa med arbeidsinnvandrarar flyttar i stor grad attende til heimlandet etter ei tid.²⁶ Ynskjer ein at desse familiene skal verta buande, vil det vera lurt å arbeida meir systematisk og heilsakleg med integrering og inkludering frå lokalsamfunnet si side. Ein viktig «stay-faktor» er kjensla av å høyra til.

Dei som alt bur i Granvin er også ei viktig målgruppe med tanke på folketal. Korleis desse ser på bygda si, påverkar både eigen trivnad, ynskje om å verta buande – men også korleis dei omtalar bygda utad.

Kvinnelege utflytta gravensarar om Granvin

Mange ønskjer å «koma heim» når dei stiftar eigen familie. Korleis ser utflytta gravensarar på denne moglegheita? I november 2018 inviterte me kvinnelege utflyttarar frå Granvin til å svara på ei nettbasert spørjeundersøking. Me fekk 49 svar. 62% av kvinnene som har svara er i alderskategorien 25-30 år. Resten fordeler seg på «under 25» (12%) og «31-45» (26%).

Dei fleste kvinnene (70%) flytta frå Granvin for å ta utdanning. Mellom kvinner som bur åleine, er det høg sannsynlegheit for at dei kjem til å flytta attende til Granvin. Gjennomsnittleg har dei ein score på 63 der skalaen går frå 0 – «heilt uakta-elt» til 100 som er «heilt sikkert». Dei argumenterer typisk med: «Gode trygge vennskap, naboar, sambygdingar». «Ein oppvekst med gode verdi-

ar, som t.d. dugnadsånd». «Høg livskvalitet, ein sunn livsstil, nydeleg natur». Kvinnene som er to eller fleire i husstanden, har ein langt lågare score. Her er talet 36. Når ein først har etablert seg med familie, jobb etc., er det mindre aktuelt å flytta på seg. «Litt liten stad og no har me busett oss ein annan stad.» Skal ein utvikla strategiar for å auka tilbakeflyttingsraten, er det altså dei unge og utetablerte som bør vera hovudmålgruppa. Gruppa av utflytte gravensarar var dei einaste som sette ord på verdien av å bu i eit samfunn som tek miljøomsyn. Typisk for desse var at dei etterlyste eit sterkare fokus på dette feltet: «Litt lite ambisjonar for berekraftig utvikling.»

«Alle lengtar jo eigentleg heim til fjorden og fjella (i allfall trur ikkje eg på dei som seier noko anna)

Sitat frå utflytta kvinnelege Gravensar

Det kom òg strenge meldingar: «Bur ein annan stad no. Synest politikarane i Granvin er nokre idiotar som valde å trassa folkerøystinga om samanslåing. Folk sa nei til samanslåing og eg trur at Granvin kjem til å gå dukken under Voss sitt styre.» Men dei færreste ser kommunesamanslåinga som noko negativt. «Familie, kort veg til Voss/Bergen med tanke på videregående til barna. Trygg plass å veksa opp på.» «Trygge og nære relasjonar, eit rolig liv, landlig, men ikkje så langt frå Voss og Bergen.» «Fin natur og ei flott bygd, nær familie, nær større sentrum og evt jobb (Voss).» For denne gruppa som har fått smaken på eit meir urbant liv, er nærliken til Voss eit prenår dei vurderer å flytta heim att til Granvin.

Ein veldig stor del peikar på verdien av å ha fami-

²⁶ Distriktscenteret, 2012. Derfor blir vi her – innvandrere i Distrikts-Norge

²⁷ SSB-rapport 2017. <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/artikler-og-publikasjoner/arbeidsinnvandringen-fortsetter-a-falle>



FOTO: SIGRID SEIM/ AVISA HORDALAND

lien i nærleiken – og at det er trygt å bu i Granvin. Mange nemner at dei sjølv har hatt ein god oppvekst i bygda, og har gode minne frå skuleåra. «God skule for borna våre, trygg plass å veksa opp, nær natur og friluftsliv.» Fleire skriv at dei har «hatt ein god barndom i Granvin - særleg god opplevelse av skulen - god barndom = gode kjensler som gjer at eg vil busetta meg her». Samanhengen mellom gode opplevelingar i oppveksten, og ynskje om å flytta heim etter fullført utdanning, ser me altså att i den høge andelen som tenker at det er aktuelt å flytta attende til bygda.

Når me spør innbyggjarane i Granvin om kva dei trur kan få folk til å flytta til Granvin, fordeler argumenta seg jamt i toppen: Her er trygge og gode oppvekstvilkår, flott natur og bygda ligg veldig sentralt til. Dei ser med andre ord mange av dei same kvalitetane som dei utflytte gravensarane. «Gode og rimelege bustadar, eit veksande små-

barnsmiljø.» «Utruleg godt miljø, vakre, fredelige omgivelsar, kort veg til barnehage og Barneskule.» Får ein formulert og formidla essensen av desse uttalane om kva bygda kan by på, skulle det ikkje vera vanskeleg å synleggjera at Granvin er ein attraktiv stad å busetja seg. Hovudargumenta mot å flytta heim er ein liten arbeidsmarknad, og for få fritidstilbod. «Dårlig jobbmarked, lite tilbod for voksne, litt for få bussavganger mellom Granvin og Voss.» «Få fritidsaktivitetar for born (skulle ynskje der var andre idrettar enn fotball som til dømes håndball eller dans).» «Manglar alt som storbyen kan tilby». Som me såg tidlegare er det fleire av dei som har budd vekke ei tid som opplever at Granvin vert for lite, og at ein føler seg for synleg i lokalsamfunnet. «Er blitt vant til der ein bur. Granvin vert for "lite".» Men dei fleste ser også at eit lite samfunn har føremoner. Uttalet «Små forhold, på godt og vondt» går att. Orda bygdedyr og jantelov vert nemnd nokre få gonger, både av dei som bur i Granvin no og dei

som har flytta ut. Men det kan sjå ut til at det først og fremst handlar om ei oppleving av at ein ikkje skal «stikka seg fram». Dei utflytta gravensarane kjenner Granvin godt, men ser bygda med ein nyttig distanse som dei buande ikkje har. Tilbakemeldinga frå denne gruppa er verd å lytta til om ein ynskjer å utvikla bygda i ei god retning.

Andre grupper av tilflyttarar?

Granvin kan og bør etablira seg som eit rimeleg og godt bu-alternativ i nye Voss herad. Voss trekker til seg unge, aktive menneske. Gjennom ei tettare kopling til Voss, bør Granvinsfjorden kunna lokka «den aktive klassen» med heilårstilgang på vass-sport. Attpåtil vil rimelegare bustadprisar syta for større økonomisk armlag og dimed eit friare liv. Mange ynskjer å leva grønt, og i Granvin kan ein la bilen stå. Butikk, bibliotek, barnehage, skule, fritidstilbod, badestrand og buss finst i gangavstand. I fylgle Christian Herheim i Klimapartnere²⁸ heng attraktivitet saman

med klimavenlegheit. Stader som er progressive på dette feltet vil ha ein styrka posisjon, særleg mellom unge potensielle tilflyttarar.

Sombusett i Granvin har ein kort og trygg veg til ein stor jobbmarknad og godt vidaregåande skuletilbod på Voss, og bustadprisane er vesentleg lågare. På kjøpet får ein fjord og fjell, eit mildare klima og eit trygt lokalsamfunn. Granvin bør arbeida medvite for å posisjonera seg som ein attraktiv stad å bu. Målet må vera at når folk kjem flytande til Voss herad, bør dei sjå på Granvin som eit rimeleg og godt alternativ.

Det forskarane på Distriktsenteret kallar «livsstilstilflyttarar» er den største grunnen til at til dømes vesle Hemsedal har auka frå under 2000 innbyggjarar rett før tusenårsskiftet til 2448 i dag. Og til at dei kjem til å nærma seg 4000 innan 2040.²⁹ Ofte satsar distriktskommunar feil når dei skal trekka til seg nye innbyggjarar. Hildegunn Nordtug ved Distriktsenteret syner til ei kartlegging dei har gjort, som syner at mange kommunar lokkar med nærheit til flott natur, og satsar på ei snever målgruppe. Dei vil gjerne få heim att dei som har flytta ut av kommunen sin og helst småbarnsfamiliar.³⁰ Flott natur manglar det ikkje på i distrikta, så skal ein lokka tilflyttarar må bygdene merka seg ut på anna vis. Og kan henda bør ein sjå på andre grupper av aktuelle tilflyttarar. I fylgle Nordtug er det få kommunar som ser med interesse på single over 45 år og innvandrarar. Det finst ofte moglegheiter ved å gå motstraums.

Bli buande

Både utflytta gravensarar og dei som framleis bur i bygda, er samde om at dei gode oppvekstvilkåra i Granvin er eit vesentleg pluss. Kan henda er det viktigaste tiltaket for folketalet, å førebygga utflytting og auka tilbakeflytting gjennom å sørge

²⁸ <https://www.klimapartnere.no/>

²⁹ https://www.nrk.no/buskerud/sa-opp-jobben-i-oslo_-flytta-til-hemsedal-for-a-fa-meir-fritid-1.14416401

³⁰ <https://www.nrk.no/buskerud/8-av-10-kommunar-satsar-feil-for-a-fa-nye-innbyggjarar-1.14266368>

for at gravensarane også i framtida vil sjå bygda si som ein heilt spesielt god stad å veksa opp. Ein bør elles legga til rette for eit mangfaldig bustadtilbod og eit rimeleg nivå av funksjonar i lokalsamfunnet. Det bør framleis arbeidast for å få høgskuleutdanningar i regionen slik at færre flyttar ut. Og kan henda arbeida for ei ordning som garanterer lærlingstad i heimkommunen?

Når Eide har fått si planlagde oppgradering, vil dette området verta meir attraktivt for både turistar og tilflyttarar, samt gje høgare trivnad og livskvalitet til dei som alt bur i bygda. I det heile trengs det ei synleggjering av kvalitetane som er her, samt at det vert lagt til rette for nyetablering og næringsutvikling.

Det er viktig at gravensarane ser seg sjølve som ambassadørar for bygda, og har medvit om korleis omtale av bygd om sambygdingar verkar inn. Likeins at ein held fram med rausheit som motto og positivitet som grunnhaldning i etableringsfasen av den nye kommunen. Unngå sutrekopp-grøfta og dei nedbyggande effektane av den.

Innbyggjarane i Granvin har «fått til mykje med lite». I undersøkinga me gjorde seier gravensarar i alle aldrar at dei ynskjer seg ein samlingsplass, gjerne ein kafé eller liknande. Bygdekafear kan riggast og driftast på dugnad. Grendalag (og andre) kan søka midlar til lokalsamfunnsutvikling gjennom LivOGLyst-programmet. «Her er kvart menneske viktige lokalsamfunnsutviklarar. Programmet har "nedanfrå og opp" som grunnhaldning. Føremålet er å styrkja lokalsamfunnet i brei forstand, med omsyn til lokal identitet, bulyst og lokalt næringsliv».³¹

Trivnad og tilhørsle kan òg auka ved at ein opplever staden ein bur som attraktiv for andre. Bergen kommune har sett opp ei enkel hytte på Fløyen (TubaKuba³²) som småbarnsfamiliar kan disponera fritt etter søknad. Ei liknande hytte i Granvin vil gje eit godt og demokratisk fordelt tilbod til alle innbyggjarane i den nye kommunen, samstundes som det vil gje folk som ikkje bur i Granvin ein grunn til å vitja, og verta kjend med den nye fjordbygda i heradet. I eit slikt prosjekt kan ein også la seg inspirera av prosjekta Nullmeteroverhavet³³ og Manshausen³⁴, der arkitektur og nærliek til sjø er trekkplaster. Dette er typiske fotopunkt som vil setja Granvinsfjorden på kartet. Både turistar og fastbuande ynskjer seg særmerka opplevingar.

TILTAK

Kva skal til for å gjera Granvin til ein attraktiv stad for innflyttarar?

- Gjennomføra oppgradering av Eide
- Realisera ein «TubaKuba» i Granvin
- Ta ein truverdig og synleg posisjon som rimeleg, trygt, og sentralt bu-alternativ ved fjorden
- Bli ein synleg del av bustadmarknaden på Voss
- Arbeida aktivt for at det skal finnast ulike typer bustader
- Oppretthalda offentlege tenester på eit rimeleg inkludera innflyttarar i fellesskapen gjennom mangfold av aktivitetar og sosiale arenaer
- Utvida kva for målgrupper ein kommuniserer som potensielle tilflyttarar
- Legga til rette for nyetablerarar
- Vera i front som grøn kommune og bygd



³¹ <https://www.hordaland.no/nn-NO/naringsutvikling/attraktive-regionale-senter/tilskot-liv-og-lyst/>

³² <https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/sistennyt/article-147802> | ³³ <https://www.facebook.com/pg/nullmeteroverhavet/about/>

³⁴ <http://www.manshausen.no/hytter-og-hus/>



FOTO: TINA KJERLAND

Næringslivet i Granvin

KVA SKAL TIL FOR Å GJERA GRANVIN TIL EIN ATTRAKTIV STAD FOR NÆRINGSILV?

Me nærmar oss tematikken med å spørja eit utval av dei næringsdrivande i Granvin om kva for tankar dei har om framtida i nye Voss herad. Ligg her moglegheiter knytt til kommunesamanslåinga? Ser dei utfordringar som del av ein ny og større kommune?

Mange av dei næringsdrivande ser ljost på framtida og peikar på at bustadprisane aukar, folketalet veks og det er generelt meir aktivitet i bygda. Dei fleste tenkjer at kommunesamanslåinga vil «opna marknaden, og gjera Granvin meir attraktiv».

Dei fleste bedriftene kunne fortelja at dei sjeldan eller aldri var innom heradshuset i 2018. Kontakt med kommunen føregjekk stort sett på telefon og e-post. At den kommunale administrasjonen flyttar til Voss, vil slik sett ikkje ha særleg innverknad på deira daglege drift. Somme av informantane har «mykke arbeid for kommunen» og desse uttrykte usikkerheit knytt rammeavtalar o.l. Kjem desse til å verta vidareførte i ein ny kommune?

Nokre av dei næringsdrivande peika på at det kan sjå ut til at det finst ulik praksis i Granvin herad og Voss kommune på fleire felt. Korleis vert ordningane i nye Voss herad? Somme seier at «ein reknar med at det finst innarbeidde praksistar og relasjonar mellom Voss kommune og tilbydarane i gamle Voss kommune». Spørsmålet dei stiller seg er korleis det vert å finna sin plass i desse etablerte relasjonane i nye Voss herad. Alt i alt forventar ein meir profesjonalitet i ein ny og større kommune, og håpar på at det vert ein god samkøyringsprosess der informasjonen flyt godt. Det blir rekna som eit pluss å koma med i næringshagen på Voss.

Alle peikar på at det har vore enkelt å orientera seg i Granvin. Ein veit kven som har dei ulike rollene, og det er såleis lett å få tak i rett person. I ein ny og større kommune reknar ein med at det vil verta fleire fagfolk og avdelingar med større fagleg breidd, samt meir fleksibilitet og større tilgjenge når det vert større einingar i kommunen. Entreprenørane reknar med at det kan verta flei-

re oppdrag på Voss i tida framover. Det vert «meir naturleg frå 2020 å vera ein del av marknaden der». Fleire av dei næringsdrivande ynskjer info-møte for å oppretta kontakt og verta orientert om korleis dei nye einingane er planlagt drifta og bemanna.

Daglegvarehandelen er mest bekymra for kva som skjer om gravensarane oftare har ærend på Voss. «Viss mange kommunale tenester flyttar til Voss, så flyttar handelen med. Me kan ikkje konkurrera på pris med Kiwi og Rema 1000». Kommune, sjukeheim og skule, barnehage osb. «suppleringshandlar» på dei lokale butikkane. Kva kjem til å skje med desse innkjøpa? I samfunnssdelen av utkast til kommuneplan for Voss herad, heiter det at «Voss herad vil styrka handelen i sentrum, og legga til rette for ei utvikling som styrker regionsenteret.» Det er ein naturleg strategi, men nærbutikkane er òg viktige for at Voss skal ha eit godt og velfungerande omland. I utkastet heiter det vidare at «Voss herad vil ha rett næring på rett stad.»

«Nærbutikken er navet i lokalmiljøet. Nærbutikker er viktige for å skape gode lokalsamfunn, med vekst og verdiskaping.» Kommunalminister J.T. Sanner oktober 2017



FOTO: GERT VAAGEN

Ein bør sjå på moglegheita for å styrka nærbu-tikkane i Voss herad ved å sikra at supplerings-handel og innkjøp til dei kommunale institusjone-nane utanfor kommunesenteret framleis vert handla lokalt. Ein kan la seg inspirera av Mer-kur-programmet³⁵ og deira prosjekt «Kommunen og nærbutikken», der målsetjinga er å gje betre tenester til folk som bur utanfor kommunesen-tra. Dette gjer dei gjennom å setja vekk enkel-te kommunale tenester til nærbutikkane. Slik styrkar kommunen butikken si rolle som lokal utviklingsaktør. Når butikkane får fleire oppgåver, vil det styrka det økonomiske grunnlaget for vidare drift, samtidig som folk i lokalsamfunnet vil få betre tenester.³⁶

Telemarksforskning har gjort eit studium av suk-sessrike distriktskommunar.³⁷ Studiet finn at en-keltpersonar er avgjerande for betydningsfulle tiltak, nyskapningsinitiativ eller nye vegval som er blitt tatt i kommunane. «Dette handler ofte om personer i næringslivet og sivilsamfunnet som gjennom det handlingsrommet de har tatt, og fått, er blitt opphav til ny utvikling. Også ordføre-re, rådmenn og kommunale ledere har tatt kraft-fulle grep og tilskrives ære for suksess i mange av kommunene.»

Telemarksforskning skriv vidare: «Grip mulighete-ne som byr seg. På alle steder eller kommuner oppstår det fra tid til annet anledninger. Det kan være kriser eller andre uforberedte muligheter. Noen griper anledningen – andre lar den drive forbi. De sukssessrike kommunene ser ut til å ha et heldig grep med å «fange mulighetene» – dreie kriser til anledninger, og se på farer som potensialer.»

Granvin er ikkje i ei krise – men det er ei tid for omstilling på fleire vis. Etablerte relasjonar mellom næringsliv i bygda og Granvin kommune går tapt. Men i ei kvar omstilling, ligg også mogleg-heiter. Det grøne skiftet, digitalisering og urbani-sering vil også krevja vilje og evne til omstilling, og må med som føresetnader når ein skal utvikla eit framtidsrettet næringsliv.

Turisme

Gravensrar i alle aldrar peikar på turismesat-sing som ei moglegheit for bygda si. Mange av dei næringsdrivande trur òg at ei satsing på reiselivet kan vera bra for Granvin. Rundt 1900, var Granvin ein hektisk turiststad.

Hva der især drager de mange reisende hid, er naturligvis Egnens bekjendte Naturskjön-

hed. Ingen notabel reisende kan være sig bekjendt at have været i Norge og ikke seet Hardanger. Og da Eide er et Knudepunkt for Færdselen saavel til lands som tilvands for de andre hardangerske Bygdelag, saa er det begribeligt nok, at Eide Dampsksbsbrygge til sine Tider om Sommeren kan frembyde et overordentlig livligt Skue. Kjørende og Gaaende sluger Støv på Landeveien til Voss Nat og Dag (...)
Th. Haukenæs, 1885.

Men utover 1900-talet dabba turismen av. Den ein gong så yrande travle kaien i Granvin, stilna for alvor på 1980-talet då Mælands hotel brann ned, og både rutebåtar og tog vart avløyst av buss. I dag har Granvin ein gjestgjevarstad med 26 senger i sentrum, og tre campingplassar utanfor sentrum. Medan Voss har ei stor og brei reiselivsnæring, har Granvin få aktørar, manglan-de fasilitetar og dårlig infrastruktur for reisande som ikkje kjem med eigen bil.

I undersøkingane me gjorde i regionen, er det mange som peikar på at Granvin har store kvali-tetar og eit stort potensial, men ein manglar ferdige produkt - ein attraksjon som gjer Granvin til ein plass ein stoppar opp for kortare eller lengre tid.

På den andre sida har Granvin ei svært god plas-sering, tett på ei rekke godbitar: Trolltunga, Voss, Hardangervidda, Vøringsfossen, Folgefonna, Ok-sen. Berre 20 minutt unna Tinghuset på Voss, får den nye kommunen djupvasskai og fjord, noko som gjev heilt nye moglegheiter for reiselivet på Voss. Til dømes kan ein legga til rette for anløp av små cruiseskip som no vert konstruerte med berekraftige løysingar. Voss herad er i gang med arbeidet med å sertifisera reisemåla i kommu-nen til grøne og berekraftige. Dette tyder at all satsing og utvikling skal basera seg på berekraf-tige løysingar både med tanke på miljø-, sosiale- og økonomiske verdiar. På reiselivskonferansen i Myrdalen november 2018, tok ordførar H. E. Ringkjøb til orde for å inkludera Granvin i sykkel-satsinga som er i gang på Voss. «Me har nesten 100 prosent sykkelveg mellom Voss og Granvin. Dette må vera perfekt for den aktive sykkelfami-lien».³⁸

Med kommunesamanslåinga får Voss del i mer-kevara Hardanger, og Granvin kan hausta frukter av å vera under vossaparaplyen. Ei satsing på berekraftig reiseliv i Voss herad skal gje gjestene ein ekstra dimensjon til besøket. «Du får innblikk i lokal historie og kultur, og kan smake lokal mat




FOTO: INGERID JORDAL / VISIT VOSS

som er høstet, plukket, slaktet, fisket og tilberedt nær der den skal spises». ³⁹ Likevel må me ha med i vurderinga av ei satsing på turisme, at klimaendringar og naudsynte endringar i utslepp og forbruk vil prega også denne næringa i framtidia. Ei satsing på nærturisme er kan henda både strategisk smart og moralsk rett.

Ein av effektane Trolltunge-feberen har, er at det er stadig fleire fotturistar som vitjar Hardanger. Ikkje alle har selfien på Trolltunga som mål, og det ligg gode moglegheiter for Granvin til å ná tak i dette turistsegmentet. Utviklinga innanfor overnatting ser ut til å gå frå hotell til rimelegare og meir særmerka alternativ. I 2018 var veksten for overnattingsverksemder i Hordaland å finna hjå lågpristilbydarar som campingplassar og Airbnb. Kan henda ville ein vandrarheim i gamle (noverande) kommunehuset både kunna gene-

rera inntekter og aktivitet for bygda. Dette kunne også vera utgangspunkt for guida turar osb.

Utleigehytter med miljøvenlege og berekraftige løysingar, på og ved fjorden, kunne gjort Granvin attraktiv for det aukande segmentet «klimamedvitne turistar». Grøne Granvin og «Den grøne fjorden» vil også verka attraktiv for tilflyttarar. Det vil vera udeit positivt for omdømet og gje framtidsetta løysingar for gravensarane sjølv.

«Voss og Hardanger er to sentrale reisemål i Norge. Voss herad vil legga til rette for at desse to reiselivsprodukta vert utvikla vidare, og kan skapa nye moglegheiter for vekst. Granvin og Oksenhalvøya styrkar Voss herad sitt samla reiselivsprodukt.»

Utkast kommuneplan for Voss herad.

“

Eg skulle veldig gjerne hatt ein grunn for å stoppa i sentrum. Granvin kan bli ein plass me reiser til for å gå på ein god kafe, bada og få fantastiske naturopplevingar. Sats på turmål ut frå sentrum. Sykkel, vandring, ski og fjord... og kultur..

Sitat vossing om Granvin



FOTO: KNUT MARKHUS

³⁹ <https://www.visitnorway.no/om-norge/berekraftig-reiseliv/>

Kulturbasert næring

Granvin er kjend som «spelarhola». Og ikkje utan grunn. I fleire hundre år har her vore uvanleg tett mellom hardingfelespelarane. Som me har sett i undersøkingane, er det mange som koplar Granvin tett til hardingfela, både i bygda men òg i omlandet. Også mellom dei som har kjennskap til den norske folkemusikktradisjonen, har Granvin ein særeigen posisjon. Dette er ein etablert posisjon som kan nyttast til å utvikla bygda. Gjennom å forvalta denne immaterielle delen av kulturava godt, kan ein både møta dei forpliktingane kommunen har knytt til stadeigne kulturuttrykk, og samstundes utvikla ei rotfesta kulturbasert næring i noko som alt er ein opplevd kvalitet ved bygda. Ein kan vurdera å nominera hardingfeletradisjonen til UNESCO si verdsarvliste for immateriell kultur. Setesdal har nominert sin lokale folkemusikktradisjon, men om noko geografisk område skulle vera naturleg kandidat for å nominera hardingfeletradisjonen som heilskap, må det vera Hardanger/Voss.⁴⁰ Dette kunne òg vera eit godt og samlande fellesprosjekt for spelemannlaga i nye Voss herad.

Med Kulturbanken, Bygdatunet og Jaunsen som arenaer tett i tett, kan ein utvikla ei kultulklynge i Granvin. Aktivitetane bør koplast til dei kvalitetane ein ynskjer skal verta meir synlege for omverda. Skrivekurs med Ruth Lillegraven, MasterClass

med Knut Hamre, grøn framtid kopla til Synnøve Kvamme og Havås-samlinga, Krotakakebakekurs osb. Det finst ei rekke aktørar som kunne vere aktive i ei slik kultulklynge: Ungdomslaget, biblioteket, Spelarhola, spelemannslaget, Bygdatunets vener, Turlaget, Hestelaget, Hardingfela, no, Ole Bull Akademiet m.fl.

Det at Granvin har vore og er ei kulturygd, har kan henda fungert som brems mot ein klassisk kommersiell tankegang. Som me har sett er næringssaktiviteten etter måten stor innan primær- og sekundærnæringane. For å fungera som destinasjon, må fleire «ut på trappa» med tenesteyting og anna utoverretta verksemd. Å by på seg sjølv, står ikkje i vegen for å forvalta natur og kultur på forsvarleg måte. Å byggja tilbod med mål om kvalitet og vekst, er av det gode både for gjester og fastbuande.

Framtidsretta næring

Gravinsfjorden er på ulike vis ein unytta ressurs. Finst det berekraftig og trygg fiskeoppdrett ein kunne satsa på? Eller finst her moglegheiter for oppdrett på eit lågare nivå i næringeskjeda, som dyrking av makroalgar som tang og tare?

Fram til 1990-talet var Gravinsvassdraget attraktivt for fiske. Det er ei viktig oppgåve å sikra artsmangfaldet med ei god utvikling for sjøau-



FOTO: STEVE-KING-MANSHAUSEN

⁴⁰ <https://www.immateriellkulturav.no/bidrag/setesdalsgangar-dans-og-spel-stev-og-stevjing/>

re og villaks i Granvinselva. Granvinsvatnet har ei stor stamme av røyr. Stamma er ein ressurs, men vert stamma for stor, reknar ein med at det går ut over sjøaurebestanden. Forvalting og formidling av dette økosystemet kunne styrka både vassdraget og destinasjonen Granvin.

Granvin har gode føresetnader for å vera i front på tre og treforedling. Tre er ein miljøvenleg ressurs, og i Trebygda Granvin finst kompetanse og aktørar som saman kunne ha utvikla t.d. grøne hus- og hyttekonsept. Døme på nyvinningar på feltet er Mobile Moods (niku.no) som produserer flyttbare hytter til bruk i kulturlandskap og andre attraktive område der fast etablering er uaktuelt. Flytande hytter eller Manshausen-liktande utleiehytter ved fjorden, kunne vera både næringsveg og utstillingsvindauga for den grøne treklynga i Granvin.

Teknologi har alt endra på mykje i liva våre, likins i arbeidslivet. Framover vil me sjå at digitalisering og automatisering vil ta hand om ei heil rekke arbeidsoppgåver, og gjera stadig meir manuelt arbeid overflodig. Dette er endringar som både Granvin og verda elles bør ha strategiar for å møta.

E-handel er ei næring som er i ekstrem vekst, og ingenting tyder på at det kjem til å snu med det fyrste. For tettstader gjev denne utviklinga stadig vanskelegare kår for detaljhandelen, og butikkdøden er synleg mange stader. Men for dei små bygdesamfunna kan både e-handel og e-tenerster vera del av løysinga. Ein online-doktor kan ha kontor kvar som helst. Digitaliseringa gjev bygdene på mange vis ein ny sjanse.

Digitalisering kan bli det store konkurransefortinet for distrikturene i årene framover, og det vil bli slik at den som sår, faktisk får.

Moderniseringsminister Jan T. Sanner

Det vert viktig i tida framover at gravensarane står opp om lokale initiativ, men også etablerarar frå utsida. Og for Voss herad gjeld det å tenkja på verdien av ei heilskapleg utvikling av heile kommunen.

Steder som skal utvikle seg under en felles kommunal paraply, må finne fram til hvordan de i fellesskap kan styrke sin samlede attraktivitet. Steder kan som nevnt være attraktive for bedrifter, besøk eller bosetting. Få steder er attraktive på alle områder, men sammen kan de bli det. (...) i stedet for at alle kommunene

*i en potensiell sammenslåingsregion bygde ut likeartede og konkurrerende tilbud. Gjennom helhetlig utvikling og samlet markedsføring og profilering kan fokusset vris fra intern konkurranse mellom kommunen og over på felles innsats for å trekke til seg næringsliv, innflyttere og besøk fra andre områder.*⁴¹

Næringsdrivande i begge dei gamle kommunane må ha forståing for at det kjem nye aktørar inn i den lokale marknaden. Kunne næringshagen ta ei rolle som samlingspunkt og brubyggjar? Som me har lese, er det ynskje og behov for at Voss herad 2020 så tidleg som råd informerer om korleis dei nye einingane kjem til å fungera, og lagar arenaer for å verta kjend med nye andlet.

TILTAK

Kva skal til for å gjera Granvin til ein attraktiv stad for næringsliv?

- Stø opp om eksisterande verksemder i Granvin
- Vri næringsutviklinga i retning berekraftige vekstnæringar
- Undersøk moglegheiter for tre-, kultur- og lokalmat-klynger
- Integrera næringsverksemder i Granvin i Næringshagen på Voss
- Blåsa liv i turismen i Granvin gjennom å:
 - inkludera Granvin og Hardanger i reise livsstrategiane for Voss
 - kopla Granvin på sykksatsinga på Voss. Prioritera bru over Rv. 13 ved Svelgane
 - utvikla stoppeffektar
 - arbeida for å verta ein miljøvenlege «small cruises»-destinasjon
 - Utvikla Granvin til ein grøn småskala-destinasjon
- Inkludera Granvin og fjorden i biletet av Voss, både i intern og ekstern kommunikasjon





FOTO: KJARTAN HAUGEN

Avsluttande refleksjonar

Telemarksforskning (2018) har undersøkt kva det er som gjev positiv utvikling for kommunar i distrikta. Kort oppsummert har dei suksessrike distriktskommunane fire felles kjenneteikn:

- Dei har alle ein offensiv og positiv utviklingskultur, der det er lov å prøva og feila
- Her er kort veg mellom idé og avgjerd – ofte vert dette omtala som «smådriftsfordeler», der kunnskap og tillit går på tvers av fag- og sektorgrenser
- Ein får til nyskaping og utvikling gjennom at lokale entreprenørar og eldsjeler får handlingsrom
- Suksessrike distriktskommunar grip sjansar som byr seg

Telemarksforskning skildrar det siste punktet som å fanga moglegheitene, dreia kriser til anledningar, og sjå på farar som potensial.⁴² Ei kommunesamanslåing kan i mange høve arta seg som ei krise for dei involverte. Sett frå utsida har Granvin herad og Voss kommune manøvrert godt i sin prosess. I intensjonsavtalen som vart vedteken våren 2016, kan me lesa at: «Samarbeidet om å byggja ein ny og framtidsetta kommune skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad». Ein grip sjansen som kommunereforma gjev, til å laga ein ny og framtidsetta kommune.

Fram til 2020 har nyskapinga offisielt namn «Nye Voss herad». Namnet hintar til at dette også ein ny start for Voss. Ikke berre får Voss fjord, men begge dei gamle kommunane får høve til å finna nye og framtidsetta løysingar, saman. Styringsdokumentet for Nye Voss seier:

Det er viktig at Voss kommune ikkje ser på samanslåinga som at Granvin skal leggjast inn under Voss, men at ein saman skal skapa noko nytt.» «Det vil vere både den politiske og den administrative leiinga sitt ansvar å leggja til rette for at honnørorda får eit faktisk innhald og at ein ikkje definerer kvarandre etter storleik!⁴³

Som del av Voss herad får gravensarane større avstand til det politiske og administrative apparetet, og det kan vera grunn til å frykta at det lokalpolitiske engasjementet og deltakinga frå gravensarane vil bli mindre i ein ny stor kommune. Å få til eit politisk engasjement i Granvin for Voss herad, krev at gravensarane kjenner seg

som del av den nye eininga. I rapporten har me teke til orde for å bevara lokal identitet, og satsa på den utviklingsviljen som ligg i lokal tilhørsle og engasjement. Men me veit at lokal tilhørsle er eit tveggja sverd:

«Lokal tilhørsle og identitet kan skape lokalpatriotisme. Dette kan vera ei drivkraft for lokal samfunnsutvikling, men det kan også vera eit hinder for samarbeid».⁴⁴

Greier Voss herad å skape samarbeid prega av gjensidig rausheit, tydelege rammer og god kommunikasjon, er lokalt engasjement ei positiv kraft. Då får ein diversifisering og utviklingskapasitet - ikkje sentrifugalkraft og motstand mot samarbeid. Ein kan dyrka levande bygder, utan at dette svekker sentrum. Eit velfungerande og aktivt omland gjev Voss herad fleire føter å stå på.

Voss herad har vore opptatt av å ha ein effektiv og god informasjonsflyt ut til innbyggjarane i samanslåingsprosessen. Den nye kommunen vil vera nytt og ukjend landskap for mange av innbyggjarane også etter 01.01.2020, så behovet for tydeleg, tilgjengeleg og inkluderande kommunikasjon vil vera til stades også i fortsetjinga.

I Granvin har både nærings- og lagsliv hatt nutte av det som vert kalla «smådriftsfordeler». Med kort veg frå idé til avgjerd vert det lett å få ting til. Ved dette relasjonar har me sett at ein av vinstanne er at kunnskap og tillit går på tvers av fag- og sektorgrenser. Men dette band kan også hindra nye relasjonar, og ein er meir tilbøyelag til å halda på gamle vanar og idear. Ein restart for både Voss og Granvin kan såleis ha positive effektar i begge dei gamle kommunane.

For vossingane vil ikkje komunesamanslåinga merkast i like stor grad som for gravensarane, men begge dei to gamle kommunane får nye attributar etter samanslåinga. Granvin vert tetare assosiert med Voss og attraktiviteten der, medan Voss får del i merkevara Hardanger. Ein felles vinst er at begge dei gamle kommunane står sterkare saman i nye Vestland fylke. Det kan ha positiv effekt i alle deler av Voss herad om ein aktivt synleggjer korleis komunesamanslåinga kan bidra til ei god utvikling for heile kommunen. Skal Granvin få ei god utvikling framover, må bygda sjølv ta grep. Gravensarar må engasjera seg politisk i nye Voss herad og synleggjera bygda

⁴² <https://distriktsenteret.no/litteratur/suksessrike-distriktskommuner-anno-2018/>

⁴³ <https://www.vossherad.no/dokument/planar/50-nye-voss-styringsdokument-v4/file>

sine behov gjennom eigna kanalar. Dei må gripa moglegheitene og skapa trivnad og attraktivitet gjennom samhald og dugnad.

Når alt kjem til alt – gravensarane treng ingen til å fortelja dei kva som skal til. Dei veit det godt sjølve. I Gjestebod-undersøkinga⁴⁵ svara 126 gravensarar på spørsmål om kva som skal til for å få vekst og trivnad – og kva som kan hindra ei god utvikling. På begge spørsmåla er det eitt ord som går att: engasjement. Med engasjement i og for bygda, får ein positivitet, skaparkraft og god grobotn for samskaping. Ei slik bygd skin i omverda, og er ein attraktiv stad å busetja seg. I motsett fall får ein nedsnakking og negativitet. Dette bryt ned ein «god atmosfære», hindrar tilflytting og vil stå i vegen for den framtida ein ynskjer seg for bygda.

På Voss og i Hardanger vert gravensarane rekna for å vera trivelege og nøysame folk – og flinke å få ting til. Men dei er òg samstemt i at både bygd og innbyggjarar må tora å «stikka seg meir fram». Granvin må tru på eigne kvalitetar, og invitera både Voss og resten av verda inn.

Siste ordet skal siste ordføraren i Granvin, Ingebjørg Winjum, få:

„Eg håpar og trur at det skal verta bra, men det er opp til lokalsamfunnet korleis det vil verta. Her er mange flinke og engasjerte folk. Trivselen i bygda er veldig mykje opp til oss sjølve.“

Ordførar Ingebjørg Winjum
til avis Hordaland 06.1.2019



FOTO: KJARTAN HAUGEN

Forslag til tiltak - oppsummert

Dette skjemaet er ei kortfatta oppsummering av tiltaka som er skildra i slutten på kvart av dei føregåande kapitla. Dei aktørane som er aktuelle til å ta ei rolle i tiltakspakka, er per februar 2019 Granvin herad (GH), Voss herad (VH), Grendalag i

Granvin (GL), privatpersonar og næringsaktørar i Granvin (PN) og Fond for bygdeutvikling i Granvin (FB). Nye aktørar kan koma til på seinare tidspunkt.

Livskvalitet i eit levedyktig samfunn

Sikra medverknad og utviklingskapasitet med BULYST som metode
Vurder tenestetilbod også med tanke på levedyktigheit for lokalsentra
Stø opp om lokale verksemder
Arbeida for betra offentleg kommunikasjon mellom komunesenter og lokalsentra
Styrka ramnevilkåra for frivillige organisasjonar
Kompenser prisauke i kulturskule med tiltak som sikrar fritidsaktivitetar også til prissensitive grupper
Bli ein grøn kommune

Aktørar

VH
GH, VH
GH, VH
GH, VH
GH, VH
VH, PN
GH, VH, PN, GL, FB

Attraktivitet

Gjennomføra oppgradering av Eide
Realisera ein «TubaKuba» i Granvin
Bli ein synleg og attraktiv del av bustadmarknaden på Voss
Inkludera innflyttarar i fellesskapen gjennom mangfold av aktivitetar og sosiale arenaer
Legga til rette for nyetablerarar

Aktørar

GH, VH, PN
GH, VH
GH, VH, PN
GH, VH, PN, GL, FB
GH, VH, PN, FB

Næringsliv

Stø opp om eksisterande verksemder i Granvin
Vri næringsutviklinga i retning berekraftige vekstnæringar
Integrera næringsverksemder i Granvin i Næringshagen på Voss
Blåsa liv i turismen i Granvin gjennom å:

- inkludera Granvin og Hardanger i reiselivstrategiane for Voss.
- kopla Granvin på sykkelsatsinga på Voss. Bygg bru over Rv. 13 ved Svelgane.
- utvikla stoppeffektar.
- arbeida for miljøvenleg fjordturisme.
- utvikla Granvin til ein grøn småskala-destinasjon

Inkludera Granvin og Hardangerfjorden i biletet av Voss, både i intern og ekstern kommunikasjon.

Aktørar

GH, VH, PN, GL, FB
GH, VH, PN, FB
PN
GH, VH, PN, GL, FB

GH, VH

Region i endring

Bruk eksisterande identitetar som byggsteinar i ein ny felles identitet for Voss herad
Bruk inkluderande språkføring i både intern og ekstern kommunikasjon frå Voss herad

Aktørar

GH, VH, PN, FB
GH, VH

Synlegheit

Synleggjér x-faktor for Granvin, gjennom konkrete tiltak og hendingar
Bygg omdøme og attraktivitet for Granvin rundt; folk, fjell, fjord og fela.
Skap visuelle identitetar for Granvin og dei andre lokalsentra i nye Voss herad

Aktørar

GH, VH, PN, GL, FB
GH, VH, PN, GL, FB
VH

Kreative forslag frå prosjektperioden

Kiosk på kaien	Felles front mot monstermøller	Idrettshall
Fargepalett for Granvin	Dugnadskafé i gml. Postkontoret	
Rockebygda	Handbakbygda	Pergola med humle
Zipline	Bowling	
Badstubåt	Kafé	Stupetårn ute på
PopUp-kafé	Sykkelbuss	Gjera badestranda synleg
Felles oppskóke	Betre skilting til og i sentrum	Via ferrata
Utandørskino i bygdatunet	Bobilparkering	
El-bussar	Kajakkutleige (både vatn og sjø)	LandArt-prosjekt
Båtutleige	Bygdekino i Trudvang	Samlingsplassar
Small cruise-hamn		Sykkellop
Guida turar med hest	Festivalar som set farge på bygda	Stoppeffektar
Festivalsamarbeid med Voss	Flytande øyer i fjorden å symja til/stupa i frå	
Intern øltevling i Voss herad		Setja farge på fasadar
Synlegheit langs vegen og på Voss	Jernbanevogn som sommarkafé på Eide	
Klatrepark		Rastepllassar langs vatnet
Panoramahotell	Ladestasjonar for bil og sykkel	
Stader langs fjorden å gjera strandhogg	Lett tilgang på fiskekort	
Leikeområde ved bygdatunet		Utdrevendt kommunikasjon
Setja farge på jernbanebruene	Loppemarknad i bygdatunet	
Trampoline på eide	Sykkelbru over mot Skjervet	
Ny «vegg» mellom badestranda og bruket	Lysetjing av tunell i skjervet	
Turstiar ut frå sentrum		
	Lysetjing av sponhaugane på Granvin bruk	Pensionat i kommunehuset
		Sjøorm i Seljord – kva finst i Gravinsvatnet?
		Trapp mot sjø, lyssett (sjå Jondal ferjekai)

Kjelder, litteratur

- Almås, R. & Frisvoll, S. (2014) Kommunesamanslåing og identitet, Bygdeforskning.
- Angell, I. & Grove, K. (2015) Hardanger III – Ei regionshistorie. Bergen: Vigmostad&Børke AS.
- Bolkesjø T. & Lie, K. (2006) Granvin og Voss – framleis to? Konsekvensutgreiing av ei eventuell kommunesamanslåing, Rapport nr 235, TELEMARKSFORSKING-BØ
- Brandtzæg, B.A. (2014) Kommunesammenslåing og regional utvikling. Betydning av identitet og tilhørighet. – Telemarksforskning. TF-notat nr. 29/2014.
- Distriktsenteret (2012) Derfor blir vi her – innvandrere i Distrikts-Norge
- Frisvoll, S. & Almås, R. (2004) Kommunestruktur mellom fornuft og følelser. Betydningen av tilhørighet og identitet i spørsmål om kommunesammenslutning. KS og Norsk Senter for bygdeforskning.
- Granvin herad og Voss kommune (2016) Intensjonsavtalen
- Hauge, O.H. (1970) i Olav H. Dagbok Hauge 1924-1994 (2000). Oslo: Samlaget.
- Haukenæs, T. S. (1885) Natur, Folkeliv og Folketro i Hardanger. Anden del: Graven. Nytt opptrykk, Voss 2003. s. 165
- Lillegraven, R. (2018) Alt er mitt. Oslo: Kagge forlag.
- Nordtug, J., Sand, R., Wendelborg, C. og Aasetre, J. (2004) Tilhørighet, pendling og kommunestruktur. En analyse av hvordan tilhørighet og pendling kan påvirke den framtidige kommunestrukturen i Nord-Trøndelag. – Nord-Trøndelagsforskning. NTF-notat.
- Olafsen, O. (1922) Granvin i fortid og nutid – en bygdebok. Norheimsund: Skaars boktrykkeri.
- Paasi, A. (2009) The resurgence of the 'Region' and 'Regional Identity': theoretical perspectives and empirical observations on regional dynamics in Europe. Review of International Studies. 35. 121 - 146.
- Salomonsson, A. (1996) Regionaliteten som problem. I Idvall, M. og Salomonsson, A. (red): Att skapa en region. – Om identitet och territorium. NORDREGIO 1996
- Skogheim, R. & Vestby, G.M. (2010) Kulturarv og stedsidentitet. Kulturarvens betydning for identitetsbygging, profilering og næringsutvikling. NIBR-rapport. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Vareide, K., Svartdal, S., Nyborg Storm, H og Groven, S. (2018) Suksessrike distriktskommuner anno 2018. Telemarksforskning TF-rapport nr. 442
- Voss herad (2016) Intensjonsavtalen for samanslåing av Granvin herad og Voss kommune
- Voss herad (2018) Voss herad 2020 – styringsdokument og prosjektplan
- Voss herad (2018) Kommuneplan for Voss herad 2020-2031. Samfunnssdelen – Førebels utkast 12.06.2018

Elektroniske kjelder

- http://www.frivillighetenorge.no/no/samarbeid/de_til_frivillighetspolitiske_bud/
<https://bolyststeinkjer.no/>
<https://distriktsenteret.no/litteratur/suksessrike-distriktskommuner-anno-2018/>
<https://www.barnetrakk.no/>
<https://www.lindesnes.kommune.no/politics-lindesnes/rad-og-utvalg-lindesnes/2338-barne-og-ungdomsradet>
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/kampanjer/ry/erik_dalen_omdomme_i_kommunene.pdf
<https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/mat/fns-barekraftmal/fns-barekraftsmal/id2538121/>
<https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/artikler-og-publikasjoner/arbeidsinnvandringen-fortsetter-a-falle>
<https://www.vossherad.no/dokument/planar/6-intensjonsavtale-for-samanslaing-hovuddokument/file>
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/komm/kommunereform.no/kommunesammenslaing_og_stedsutvikling.pdf

01.02.2019

PROSJEKTRAPPORT

GRANVIN HERAD

GRANVIN 2020 - FRÅ KOMMUNE TIL BYGD